Side 32-35 – Svært likt som side 27, 28. Stor sannsynlighet for at dette er samme papirkvalitet som for side 27, 28. Side 36,37 – Papiret virker å ha lav ruhet med glatte overflater, og fremstår som noe lysere sammenlignet med flere av de omliggende arkene. Samme mønster som for side 2. Flis og andre urenheter kan observeres i papiret. I tillegg til mønsteret sett på side 2 kan viremarkering observeres i papiret. Side 38 – Dette papiret fremstår relativt likt sammenlignet med side 36, 37. Side 39-44 – Lite hefte bestående av flere ulike ark (merk at i digitalarkivet er første og siste side digitalisert enkeltvis, mens for resten av heftet er to og to sider digitalisert sammen. For å skille ark og side benyttes «v» for venstre og «h» for høyre i sidebetegnelse). Side 39, 40v, 41h (flik), samt 42v (flik) består av samme papirark. Papiret fremstår som gammelt. For disse sidene er det brukt et svært tynt, gjennomsiktig papir. Det kan observeres mange hull i papiret. Side 40h, 41v består av samme papirark. Papiret fremstår som gammelt med kraftig viremarkering og observerte urenheter. Side 42h, 43, 44 består av samme papirark. Papiret fremstår som gammelt og er tydelig gulnet. Samme mønster som side 2, men det kan også observeres viremarkering i tillegg til rutemønsteret. Side 45 – Fremstår gammelt. Likt mønster som side 2. Gulnet og synlig viremarkering. Flis og urenheter kan observeres. Side 46 – Fremstår gammelt. Likt mønster som side 2. Noe mindre gulnet enn side 45, ingen viremarkering observert. Noe flis og urenheter kan observeres. Side 47 – Fremstår gammelt. Likt mønster som side 2. Fremstår likt som side 46, ingen viremarkering observert. Noe flis og urenheter kan observeres. Side 48 – Fremstår gammelt. Likt mønster som side 2. Fremstår likt som side 46, ingen viremarkering observert. Noe flis og urenheter kan observeres. Side 49 – Fremstår gammelt. Likt mønster som side 2. Fremstår likt som side 46, ingen viremarkering observert. Noe flis og urenheter kan observeres. Stor sannsynlighet for at sider 46-49 kan være samme papirkvalitet. Side 50-54v – Lite hefte bestående av flere ulike ark (merk at i digitalarkivet er første og siste side digitalisert enkeltvis, mens for resten av heftet er to og to sider digitalisert sammen. For å skille ark og side benyttes «v» for venstre og «h» for høyre i sidebetegnelse). Side 50, 51, 52v noe mer gulnet enn de

påfølgende sidene. Viremarkering kan observeres fra begge sider. Urenheter kan observeres i papiret. Side 52h,53,54v beståravlinjerte,noelyserepapir enndeforegåendesidene.

54h, 55, 56v – Brettet enkeltark som fremstår gammelt. I digitalarkivet ser det ut til at dette arket henger sammen med foregående sider. Dette arket var nå løst. Samme stripemønster som for side 2 kan observeres. Lite gjennomsiktig og enkelte urenheter kan observeres i papiret.

Side 56h, 57, 58 – Fremstår gammelt. Et ark brettet slik at det utgjør fire sider. I digitalarkivet ser det ut til at dettearkethengersammenmedforegåendesider.Dettearketvarnåløst.Tynt,sprøttoggjennomsiktig papir. Kraftig viremarkering kan observeres og papir har svært mange hull. Flis og fiberbunter kan observeres i mikroskop.

Side 59, 60 – Fremstår gammelt. Et ark brettet slik at det utgjør fire sider. En tykk papirkvalitet med tydelig viremarkering, mange hull, noe flis og viremarkering observert.

Side 61–Fremstårgammelt.Tyntenkeltarkmedsammestripemønstersomsettforside2.Synlig viremarkering (langsgående elementer i samme retning som lange striper). Flis kan observeres og papiret har mangehull.

Side 62–Linjertarksomfremstårgammelt.Noefliskanobserveresogpapiretharmangehull.Dårlig formasjon.

Side 63 – Enkeltark som fremstår gammelt. Arket har samme stripemønster som side 2. Flis kan observeres i papiret,ogdetharsværtmangehull.

Side 64, 65 – Linjert ark som fremstår gammelt. Samme linjeavstand som side 62, men har større areal. Noe lysere/mindre gult enn side 62. Tydelig viremarkering som kan observeres fra begge sider, papiret har hull og noeflisipapiretkanobserveres.


Vurderingen av de ulike dokumentene som beskrevet her antyder at papiret kan være gammelt. Det påpekes dog at det finnes svært mange ulike papirkvaliteter i denne dokumentsamlingen. Det er overveiende sannsynlig at flere av dokumentene er av samme papirkvalitet.

3.5 Tinglysningsmateriale (Statsarkivet Bergen)
Itillegg ble tre bøker med tinglysningsmateriale ved Statsarkivet i Bergen undersøkt.

Tinglysingsmateriale:Sunnfjordtingrett,SAB/A-3201/1/G/Gb/Gba/L0012:Panteboknr.II.B.12,1844-1848
Papiret fremstår som gammelt med en tydelig blåfarge. Papiret i denne boken hadde en høy ruhet på begge sider, og hadde et typisk stripemønster som vist i Figur 6. De observerte sidene hadde tydelig vannmerke. En stor andel flis kunne observeres i dette papiret.
Tinglysingsmateriale: Sunnfjord tingrett, SAB/A-3201/1/G/Gb/Gba/L0024a: Pantebok nr. II.B.24a,1885-

1886
Papiret fremstår som gammelt , og papiret i denne boken hadde samme stripemønster som forrige bok. Vannmerke kunne ikke observeres for sidene undersøkt i denne boken. Noe flis, samt spor av blåfarge kunne observeres i mikroskop.
Tinglysingsmateriale: Sunnfjord tingrett, SAB/A-3201/1/G/Ga/Gaa/L0005: Panteregister nr. II.A.a.5, 1886-

1958 (s. 277-280)
Papiret i denne boken ble ikke studert i detalj. De to arkene som utgjør bokens side 279 var betydelig mer oppsprukket i kantene enn sidene før og etter. Dette kan observeres i Figur 7 under (sidetall vises oppe til høyre i hver enkelt bilde).



Figur 7: Tinglysingsmateriale:Sunnfjord tingrett, SAB/A-3201/1/G/Ga/Gaa/L0005: Panteregister nr. II.A.a.5, 1886-1958, s. 277-280(reprodusert fra digitalarkivet).

4 Sammendrag

Hensikten med vurderingen var å sannsynliggjøre om dokumentene stammet fra eldre dato omkring 1850, eller om de var av nyere dato omkring 1980.
Vurderingen av de ulike dokumentene som beskrevet i denne rapporten gir ingen klare indikasjoner på at papirene er av nyere dato, og dokumentene innehar defekter med en fysisk tilstand som sannsynliggjør at de er av eldre dato.
For dokumentene undersøkt ved Statsarkivet i Bergen antyder vurderingen at papiret kan være gammelt. Det påpekes dog at det finnes svært mange ulike papirkvaliteter i denne dokumentsamlingen, og det er en sannsynlighetsovervekt at flere av dokumentene er av samme papirkvalitet.
Et par forhold det spesielt ble lagt merke til under undersøkelsen:
1) Papiret i Kart 1019 fra Jordskifteverkets kartarkiv, RA_S-3929_T, 1859-1988 fremstår som gammelt,

noe som forsterkes av forholdene kartet høyst sannsynlig har blitt utsatt for (rynker, mørkfarging og mekanisk for-ruing av overflaten). Basert på observasjonene er det stor sannsynlighet for at en av kartets fire deler har blitt utsatt for andre eksterne forhold enn de andre delene. Det er sannsynlig at tre av delene har vært fuktet og tørket, mens den siste delene har blitt montert på i ettertid.

2) I boken Tinglysingsmateriale: Sunnfjord tingrett, SAB/A-3201/1/G/Ga/Gaa/L0005: Panteregister nr. II.A.a.5, 1886-1958 ble det observert at de to arkene som utgjør bokens side 279 var betydelig mer oppsprukket i kantene enn sidene før og etter.

KART

over

INDMARK m GAARDENE

VILNÆS

Matr. N:o 54 Løbe N:o 131 a. til 136 b.

af Skyld gl. 3 Løb. 1 Bll 12 mk; ny 13 Dlr 1 Ort 20 ß

beliggende

i

ASKEVOLDS THINGLAG

FJORDENESFOGDERI

NORDREBERGENHUS AMT.

Opmaalt af

E. Smith.


1883.


JORDSKIFTEVERKETS KARTARKIV
Fylke nr.: XII Arkiv.: 447

REDMI NOTE 8 PRO
AI QUAD CAMERA


REDMI NOTE 8 PRO
AI QUAD CAMERA


H.
289 – 5.




1883.
JORDSKIFTEVERKETS KARTARKIV
Fylke nr.: XII Arkiv.: 447

SUNNFJORD OG YTRE SOGN JORDSKIFTERETT

Dok 522

DOM

Dato: 08.04.2021

Stad: Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett på heimekontor

Sak: 20-113396RFA-JFOR VILNES

Saka gjeld: Grensefastsetting for grunneigedom etter jordskiftelova § 4-2
Rettsutgreiing etter jordskiftelova § 4-1
Jordskifte, avskiping/omskiping

Saka er kravd av: Ann Kathrin Hårklau m.fl.


Jordskiftedommar: Liv Løken


Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
		Askvoll (4645)	53 53	1 2
~~Leon Austreim Tore~~ Kjosaas Joveig Alma		Askvoll (4645)	53	3
~~Strømmen Frank~~ Amundsen ~~Thor Magne~~ Hjartåker ~~Falk Melchior~~ Vilnes		~~Askvoll (4645)~~	53	4
		Askvoll (4645)	54	1
	Advokat Egil Horstad	Askvoll (4645)	54	2
~~Magnar Vilnes~~ ~~Kjellaug Asborg Vilnes~~	Advokat Egil Horstad	~~Askvoll (4645)~~	54	3
Geir Inge Barsnes		Askvoll (4645)	54	4
~~Kristin Undset Agnar~~		~~Askvoll (4645)~~	54	5
~~Kjell Vilnes Ole Kistrup~~	Advokat Egil Horstad	~~Askvoll (4645)~~	54	6
~~Vilnes Edvin Elias~~	Nina Cecilie Waag	~~Askvoll (4645)~~	54	7
~~Landøy Kjartan Vilnes~~	~~Advokat Egil Horstad~~	~~Askvoll (4645)~~	54	8
~~Ann Kathrin Hårklau Ole~~		~~Askvoll (4645)~~	54	9
~~Kistrup Vilnes Vegard~~	Advokat Egil Horstad	~~Askvoll (4645)~~	54	10
~~Kristoffer Vilnes Edvin~~	Advokat Aksel Kayser	~~Askvoll (4645)~~	54	11
~~Elias Landøy Karl Johan~~	Advokat Egil Horstad	~~Askvoll (4645)~~	54	12
~~Garvik Falk Melchior~~		~~Askvoll (4645)~~	54	16
~~Vilnes~~		~~Askvoll (4645)~~	54	17
Magnar Vilnes	Advokat Egil Horstad	Askvoll (4645)	54	23
Karin Strand				
Edvin Elias Landøy	Advokat Egil Horstad	Askvoll (4645)	54	46
Laila Iren Landøy		Askvoll (4645)		
Krumsvik				

Denne dommen gjeld tvist om eigedomsrett og grense for eit areal ved Nærvika på Vilnes. Arealet som er omtvista er Notavollen, og stranda i Nærvika på Vilnes, inkludert grunnen under nausta. Usemja gjeld om eigedomsretten ligg i sameige eller om gnr. 54 bnr. 5 er eineeigar på arealet. Det omtvista areal som ligg ned mot sjøen er omkransa av gnr. 54 bnr. 5 si innmark, og ei kort grense mot gnr. 54 bnr. 2 i sør.
Garden Vilnes (gnr. 54) ligg på Atløy i Askvoll kommune. I Nærvika ligg mange naust som tilhøyrer bruka på Vilnes (gnr. 54) og Sætre (gnr. 53). Nærvika var felles tilkomst før det kom ferjekai på Gjervik i 1971. Det er ikkje tvist om bruksrettar som vegrett eller rett til naustplass. Notavollen vart brukt til å reinske og tørke fiskenøter. Dette er heller ikkje omtvista. Det er usemje om grensene, og om dette er eit areal som ligg i sameige, eller om det er felles bruksrett til området. Dersom det er bruksrett er det også krav om avskiping/ omskiping. Eit sentralt bevis i saka er innmarksjordskiftet på Vilnes i 1882 – 1884.

Kort om saka og saksbehandlinga:

Askvoll kommune oppdaga at området mangla matrikkelnummer på kommunen sitt kart, matrikkelkartet. Kommunen har ansvar for oppdatering av matrikkelen, herunder retting av feil, og sendte eit brev til potensielle partar med forslag om retting slik som det går fram på karta nedanfor, som var vedlagt kommunens brev:






Det var korrespondanse mellom partane om retting av kartet, men partane var ikkje einige om rettsforholda, og då kunne ikkje kommunen gjennomføre retting.
Ann Kathrin Hårklau m.fl. kravde jordskiftesak den 13.08.2020. Saka er kravd som rettsutgreiing etter jordskiftelova § 4-1 og grensefastsetting etter jordskiftelova § 4-2, for å klarlegge eigedomsrett og fastsette grensa for omtvista areal.
Det var saksførebuande rettsmøte i jordskifteretten 24.11.2020. I det saksførebuande rettsmøtet var det synfaring der partane påviste sine grensepåstandar. Jordskifteretten utarbeidde eit påstandskart. Rekvirentane hadde påstand om at grensa for Notavollen skal gå noko lenger søraust enn det som ligg i kommunen sine kart, sjå utsnitt av påstandskartet nedanfor.
Det var hovudforhandling i saka 9. og 10. mars 2021. Det var også synfaring under hovudforhandlinga, og Ole K. Vilnes påviste sin påstand om bruksrettsgrense for Notavollen. Den følgjer nokre store steinar, og er lenger mot vest enn grensa på kartet. Han fråfall å behandle tilleggspåstand om fortøying av båt mot gbnr. 54/10 i denne saka.

Partsstatus for gnr. 54 bnr. 3 og gnr. 54 bnr. 22

Jordskifteretten er kjent med avtale der sjøbua og rettane til fellesområdet i Nærvika blei overført frå gnr. 54/3 til gnr. 54/22. Askvoll kommune godkjente frådelinga i 2009. Geir Inge Barsnes som eig gnr. 54/3 saman med Kristin Undset har orientert om dette. Han gav fullmakt til si søster Marit Barsnes Krogsæter som eig gnr. 54/22 til å møte i saka. Eigedomsoverføringa er ikkje tinglyst. Jordskifteretten må difor halde seg til at gnr. 54 bnr. 3 er part i saka som heimelshavar i det omtvista areal.

Utsnitt av påstandskartet:



Advokat Egil Horstad har for Ann Kathrin Hårklau m.fl. lagt ned følgjande
påstand:
1. Saken fremmes.
2. Eiendomsretten til det omtvistede arealet er i sameie mellom gnr. 53 bnr. 1, 2, 3 og 4 og gnr. 54. bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 16, 17, 23 og 46 i Askvoll kommune.
3. Eiendomsgrensene til det omtvistede arealet fastsettes.
4. Ole Kistrup Vilnes dømmes til å erstatte Saksøkerne 1-7 sine sakskostnader.

Hovudtrekka i grunnlaget for påstanden:

Spørsmålet i saka er kven som eig det omtvista arealet ved sjøen, om det ligg i sameige mellom partane på gnr. 53 og 54 eller om det er eineeige for gnr. 54 bnr. 5.

Retten skal legge partane sine pretensjonar til grunn ved vurderinga av grunnlaget for å fremme ei sak. I kravskjemaet har saksøkarane oppgitt «Rettsutgreiing, § 4-1» og «Grensefastsetting, § 4-2» som jordskifterettens verkemiddel i saka. Rettsutgreiing og grensefastsetting utgjer dermed råma for kva som skal til behandling, og jordskifteretten har kompetanse til å behandle slike krav.

Jordskiftesaka i 1882-1884 beskriv eigedomssituasjonen før jordskifte, men rettane vart ikkje stifta då. Ingen av partane har stiftingsgrunnlaget som seier kva som var avtalt. Det skjedde før 1885. Dette er det semje om.

Jordskiftemappa med skifterekneskap, jordskiftekartet og teksten i utskiftinga harmonerer med kvarandre. I utskiftinga vart grensene endra. Før jordskifte var det eit mykje større område ved sjøen som låg i felles eige. Dette syner på jordskiftekartet der figurane er merkte a-g, og vi finn dette igjen i skifterekneskapet. Deler av dette felles areal vart lagt til bnr. 5. Det omstridde areal vart ikkje tillagt bnr. 5. Kartet og teksten i utskiftinga beskriv ei grense mellom E (bnr. 2) og F (bnr. 5) og Notavollen. Grensa mot Notavollen er beskriven som eigedomsgrense. Det viser at Notavollen ikkje kan vere eigd av bnr. 5. Då skulle det ikkje ha vore eigedomsgrense der.

Ole K. Vilnes sitt standpunkt er i strid med desse opplysningane. Han er inkonsekvent i sin bruk av utskiftinga som bevismateriale. Der opplysningane ikkje passar har han påstand om at kartet er endra, men tolkar utskiftinga bokstavleg der det passar.

Kva skulle vere forklaringa på at bnr. 5 skulle ha ein betre rettsposisjon enn dei øvrige?

Utgangspunktet var ikkje at bnr. 5 åtte innmarka, og at dei andre har fått rettar på bnr. 5 sin eigedom. Jordskiftekartet syner at det var sameige i området før 1885. Denne sameiga var mellom likeverdige eigedommar der det ikkje var nokon som hadde ein betre eigarposisjon enn andre. Det var ved utskiftinga i 1882 – 1884 at bnr. 5 fekk tildelt innmark som i stor del omkransa Notavollen.

Det har vore fokus og merksemd om eigarspørsmåla. Gjennomgåande har partane blitt fortalt om sameige av sine forgjengarar. I 1931 var det ei utskiljing frå bnr. 5 som underbyggjer at det omtvista området er i felles eige, og at eigar av bnr. 5 respekterte retten. I skylddelingsforretninga er det omtalt slik: «*[d]enne sydlige linje grenser forresten til den for*

Vilnesgårdene i fellesskaps eiede «Nothaug»». Den generelle henvisninga til "*Vilnesgårdene*" underbyggjer at alle bruk på gnr. 54 har eigedomsrett til det omtvista området, ettersom dei i fellesskap utgjer «Vilnesgårdene». I 2009 søkte eigaren av gnr. 54 bnr. 3 om *"overføring av sjøbu bygd på fellesareal og retten til andel i fellesareal inkl. vei"*. Søknaden gjaldt fellesområdet i Nærvika som det er tvist om. Ole K. Vilnes har kvittert ut nabovarselet, utan å reagere på omgrepet: "*fellesareal*".

At eigedomsretten til Nærvika følgjer skyld er eksplisitt gitt uttrykk for i eit skøyte for gnr. 54 bnr. 7 datert 12. januar 1938, som legg til grunn at "*1/9 part i Vilnes Notlag*" følgjer med salet av eigedommen. Vidare er utskiftinga frå 1882-1884 tinglyst på gnr. 54 bnr. 7, 16 og 17, som tilseier at rettane og pliktene som går fram av utskiftinga også heftar på dei nemnte eigedommane.

Det er semje om at utskiftinga i utmarka på Vilnes 1925 ikkje gjeld dette areal, eller denne del av eigedomen. Det er heller ikkje andre dokument som endrar eigarrettane etter 1885. Heller ikkje den faktiske bruken gir uttrykk for ein underliggande avtale om at saksøkte er eineeigar. Fram til 70-talet blei området nytta i samband med fiske, som i stor grad var livsnæringa til grunneigarane på Vilnes. I dei seinare åra har sameigarane nytta området til friluftsliv og rekreasjon, samt fiske og annan aktivitet relatert til bruk av naust og sjøhus. Saksøkte og hans rettsforgjengarar har ikkje utvist ein meir aktiv bruk enn dei øvrige sameigarane.

Skogfelling i samband med tvisten vart stoppa. Det har blitt registrert skogfelling også før tvisten oppstod, men dei som observerte vurderte omfanget å være så beskjedent at dei ikkje såg det nødvendig å påpeike forholdet og/eller ønskte å ta belastninga med å påpeike det.

Eit spørsmål er også om det har skjedd ei etterfølgjande endring ved hevd, alders tids bruk eller endring som følgje av passivitet/konkludent åtferd. Dette er det ikkje grunnlag for. Eigedomsgrensene til området i sameige går slik dei er skrivne i utskiftinga frå 1882-1884 samanhalde med det tilhøyrande utskiftingskartet. Grensa som avlagt på påstandskartet er i samsvar med slik grensa vart trekt i utskiftinga i 1882 – 1884. Grensa på det økonomiske kartet er trekt litt for langt mot vest. Det økonomiske kartet er ikkje rettsleg bindande, og det er ikkje noko rettsleg grunnlag for at grensa skal gå slik.

Ole K. Vilnes sin påstand om bruksrettsgrense er i strid med bruken av området. Alle var einige om at nøtene vart lagt på eit større område, utanom den grensa som Ole K. Vilnes påpeika. Han påviste nokre steinar, men ikkje 13 steinar slik som beskrive i teksten.

Det er ikkje grunnlag for omskiping eller avskiping etter servituttlova §§ 6 og 7 då det omtvista området er ei sameige. Dersom jordskifteretten konkluderer med at saksøkte eig det omtvista området slik at saksøkarane kun har bruksrettar i Nærvika, er det likevel ikkje grunnlag for å krevje omskiping eller avskiping.

Karl Johan Garvik har ikkje lagt ned påstand

Karl Johan Garvik meiner at hans eigedom gnr. 54 bnr. 12 er medeigar i fellesarealet i Nærvika etter si skyld. Gnr. 54 bnr.12 er delt frå gnr. 54 bnr. 5. Har bnr. 5 part i fellesskapet

så har også bnr. 12 det. Eigedommen kom til etter innmarksjordskiftet, og fekk rettar ut frå skyldskiftet frå gnr. 54 bnr. 5. Gnr. 54 bnr. 12 var med i felles notahus, og har vore ein del av fellesskapet i Nærvika.

Leon Austreim har lagt ned følgjande

Påstand:

1. Fellesarealet og notavollen ved sjøen, som i jordskiftekartet frå 1883 er merka med littera a-g, er felles for eigarane av gnr. 53 og gnr. 54.
2. Bruksrettane, slik dei er beskrivne i utskiftinga over innmarka frå 1882 – 1884 er felles for eigarane av gnr. 53 og gnr. 54.
3. Eigar av gnr. 54 bnr. 5 har ikkje hevd til området med bakgrunn i langvarig bruk.

Leon Austreim (gnr. 53/1) peika på at Nærvika var einaste samband for bruka på Sætre heilt til 1971, då ferja kom. Ferdselsretten og rettane i vika var viktige for alle i fellesskapet. Området har blitt utvida og utvikla i tråd med behovet. Oldefar til Leon Austreim kjøpte garden i 1907, og både han og etterkommarane hadde fiske som ein viktig del av inntekta til garden. Dei seinaste åra har sjøen vore brukt meir til fritidsaktivitetar. Bestefaren var medeigar i felles notalag mellom Sætre og Vilnes, og dei brukte då fellesområdet i Nærvika i fellesskap. Gnr. 53/1 og gnr. 53/2 har hatt felles sjøbu sidan ein gong etter 1857, men før 1882. Sjøbua var der lenge før innmarksjordskiftet, og han syner til at Sætre sine rettar i Nærvika er omtalt samtidig med Vilnes sine rettar som «uberørt» av utskiftinga. På jordskiftekartet er området merka med bokstavane a-g. Då området ikkje var ein del av utskiftinga vart ikkje området merkt med store bokstavar. I protokollen for innmarksjordskiftet går det også fram (s. 11): «Paa Wilhelm Olsens nøstplan og paa den fellesskapet tilhørende Notavold og Nøstplan tilstaas ikkje Beiteret paa anden maade end at Kreature maa være Kjoret eller bundet til Stedet. Derimod have disse Eiere Ret til at slaa det Græs, som vokser paa disse Planer.» Denne avgrensinga av bruken er naturleg ut frå fellesarealet sin tiltenkte bruk som notavoll og naustplan. Tørking av garn og nøter ville vere ein dårleg kombinasjon i eit område med beitedyr.

Nina Cecilie Waag for Ole K. Vilnes har lagt ned følgjande

Påstand
1Eiendomsretten til det omtvistede arealet tilfaller Gbnr. 54/5 i Askvoll.
2Bruksretter til Notavollen, omskipes/avskipes.
3Saksøkerne dømmes til å betale Ole Vilnes sakskostnader

Hovudtrekka i grunnlaget for påstanden:

Notavollen er ein felles vollerett som bør fjernast fordi den ikkje er i bruk lenger. Den har ikkje lenger nokon verdi for dei som har retten, men er til ulempe for grunneigar.

Eigedomsretten til areal i Nærvika tilhøyrer Ole Vilnes. Grunnlaget baserer seg på ei samla vurdering, med utgangspunkt i utskiftinga frå 1882-1884, med over-utskifting 1885. Den tidlegare teigblanding blei oppløyst, og gardene på Vilnes fikk sine eigne parsellar, med eigedomsgrenser.

Utskiftinga beskriv ei gjerdegrense mellom 54/2 og 54/5 som går ned til sjø. På side 11 står det skrive: «Merket mellom Peter (54/2) og Knud Mathiassen (54/5) gjærdes saaledes: Fra Løken og nedover 90 meter til en nedsat merkesten, gjærder Knud og herfra til søen gjærder Peter Andreassen 195 meter.»
Utskiftingskartet og økonomisk kart frå 1965, viser at det omtvista området ligg under 54/5, der det viser bruksgrenser ved sjøhusplanen, samt notavollen.
I utskiftinga av utmark i 1924-1925, der det kjem fram at gbnr. 54/5 er tildelt den del av utmarka som ligg sørvest for grense 5 og 6., og at «Eiendommen støter forøvrig til plassen Eidet, sjøen og bnr. 5 og 6`s innmark». Området det her vert vist til som bnr. 5 si innmark, omfattar bl.a. området som no er omtvista. I utskiftingskartet frå 1924-1925 viser det ikkje noko fellesområde.
I protokollen til utskiftinga frå 1882-1884, står det om bruk om vegrett s 20: «De gamle veirettigheter til og fra de eldre sjøhus forbeholdes disses eiere over skiftefeltet». På utskiftningskartet er det omtvista området merka «a-g» (dette gjeld ikkje for sjøhusplanen i nord) og i protokollen står det bl.a. at «Uberørt af Udskiftningen forbliver: Vandtak og Veie til disse Tangskjær, Landslod samt de paa Kortet til felles Brug admerkede Nøst og sjøhusplaner- samt Notavolden, hvor ogsaa Sætres Opsiddere har Brugs- og Eigedomsrett ved Nærviken». Begrepsbruken i protokollen, der det delvis omtalast ein eigedomsrett, betyr ikkje nødvendigvis ein eigedomsrett i lys av våre dagers oppfatning av dette begrepet. Nina Cecilie Waag viser også til bruk 54/2 der det også var felles bruksrett a-g.
Sætre har verken skyld, eller betalt kostnader ved utskiftingsforretninga som fann stad på det omtvista området. Dei har sjøhus og rettar, men ikkje part i sameige.
Gbnr. 54/7 og 54/12 har ikkje hatt naust i Nærvika innanfor det omtvista området.
Foreldra til saksøkte overtok eigedommen i 1967. Frå dei overtok har dei brukt området som er omtvista til beite og uttak av skog, på lik linje som saksøkte driv i dag. Dette området er viktig for drifta av eigedomen i følgje uttalelse fra Trygve Torsteinsen ved Norsk Landbruksrådgivning. Saksøkarane seier at dette omstridde området er viktig for bruka på Vilnes, men dei fleste har eigedom som grensar ned til sjø og har strandlinje på lik linje med saksøkte.
Sjøhus og naust tilhøyrer bruka som eig dei og allemannsretten ved strandlinja er gjeldande.
Saksøkarane har ikkje lagt fram nokon dokumentasjon på eigarskap til det omtvista området.
Det var stor ueinigheit blant saksøkarane ved rettsførebuande møte hausten 2020, om grensa til notavollen samsvarte med kartet som da blei framlagt.
Saksøkarane viser også til side 17 i utskifting frå 1925, i brev (s. 77 i dokument-samandraget). Dette omhandlar ikkje det omtvista areal. Dette er eit område som ligg inne på 54/5 sin eigedom. Ei jordskiftesak på dette området (s. 471 – 480 i dokumentsamandraget) vart avgjort utan at dåverande eigar Johannes Vilnes var involvert.
Nina Cecilie Waag for Ole K. Vilnes har også merknader til jordskiftekartet frå 1883 med arkivnummer 447, då kartet viser uregelmessigheiter med grenser, samt jordskiftekartet med arkivnummer 1019 fra 1903, som også viser veldig uklare grenser. Kartet med arkivnummer 1019 ligg dobbelt i digitalarkivet, der saksøker sit med originalkart og utskifting, ref. s. 175 i

dokumentsamandraget, som stemmer overeins med utskiftinga frå 1925. Nina Cecilie Waag for Ole K. Vilnes viser også til sist innsendte kart frå 1883, (kartarkiv nr. 448 i digitalarkivet) som viser til eigedom i Gjerdet, (ref. utskiftinga frå 1882 – 1884, s 13) der det vert vist til grenser som ikkje stemmer med utskiftingskartet.
Eigedomsretten må derfor tilfalle Gbnr. 54/5, basert på utskiftingsprotokollens opplysningar og sett i lys av berørte bruks holdning.
Subsidiært er grunnlaget for eigedomsretten hevd, jf. Lov om hevd av 9.12.1966 nr. 1 (hevdslova) § 2 flg. Alders tids bruk kan være eit alternativt grunnlag. Påstanden er da eigedomsrett prinsipalt for heile det omtvista området, og areala som i dag er innanfor eigedomsgrensene til gnr. 54 bnr. 5. Atter subsidiært har saksøkte Ole Vilnes erverva eigedomsrett som følgje av at saksøkarane har vore passive og ikkje vist ei åtferd som viser eigarskap til området.
Gir retten medhald i at eigedomsretten tilhøyrer gbnr. 54/5, må bruksretten til Notavollen kunne avskipast eller omskipast, jf. «Lov um særlege råderettar over framand eigedom» §§ 6 og 7 jf. «Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m.» § 5-3 bokstav g).

Edvin Landøy

Idet saksførebuande rettsmøtet 24.11.2020 var Edvin Landøy (gnr. 54. bnr. 6, 11, 23 og 46) representert ved advokat Egil Horstad saman med rekvirentane. I e-post 10.12.2020 skreiv Edvin Landøy til jordskifteretten at han ønskjer å trekkje seg frå saka på den måten at han ikkje vil krevje noko eigarskap i det omtvista området i saka, men held fast på eigedomsrett og vegrett til dei tre sjøhusgrunnane i Nærvika. Han fremja også eit konkret forslag til forlik i saka. Edvin Landøy kontakta også advokat Egil Horstad om at han ville trekke seg frå saka med bnr. 6, 11, 23 og 46 og soleis ikkje fremje krav om eigarskap til det omtvista området.
Edvin Landøy representerer også Laila Iren Landøy Krumsvik som eig gnr. 54. bnr. 46.
l sluttskriv av 14.01.2021 frå advokat Egil Horstad er det likevel lagt ned påstand i saka på vegne av gnr. 54. bnr. 6, 11, 23 og 46.

I punkt 2. i påstanden står: *Eigedomsretten til det omtvistede arealet er i sameie mellom gnr.53 bnr.1,2,3 og4oggnr. 54.bnr. 1, 2, 3, 4, 5,6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 16,17, 23 og 46 i Askvoll kommune.*
Ipunkt 4. i påstanden står: *Ole Kistrup Vilnes dømmes til å erstatte saksøkerne 1-8 sine sakskostnader.*

Edvin Landøyber jordskifteretten om å sjå vekk i frå bnr. 6, 11, 23 og 46 i punkt 2 og 4.
Det er ikkje lagtned påstand i saka for gnr. 54. bnr. 6, 11, 23 og 46 i det omtvista området forutan eigedoms- og bruksrett i sjøvegen og eigdoms- og bruksrett til nausttomten tilhøyrande bnr.6. Eigedoms- og bruksrett i sjøvegen skal også gjelde sjøhustomtane bnr. 28 og 13.

Jordskifteretten si vurdering

Saka vert fremma

Det er ikkje lagt ned påstand om å avvise saka, men jordskifteretten vil likevel kort gå gjennom sin kompetanse til å behandle kravet, ettersom dette var tema i saksførebuande rettsmøte. I kravskjemaet har rekvirentane oppgitt «Rettsutgreiing, § 4-1» og «Grensefastsetting, § 4-2» som verkemiddel i saka. For å avgjere kravet om rettsutgreiing etter § 4-1, men også kravet om grensegang etter § 4-2, må jordskifteretten også ta stilling til dei underliggande rettsforhold, og avgjere dei ved dom, jf. jordskiftelova § 6-23 første ledd. Jordskiftelova § 4-1 seier at «jordskifteretten kan fastsetje innhaldet i rettar og eigedomstilhøve som eiga sak.» Dette gjeld både i område der det er sameige, der det er «sambruk» eller uklart om det er «sambruk», og ved registrering av uregistrert jordsameige. Jordskifteretten har kompetanse til å behandle spørsmålet om området ligg i sameige mellom partane, og saka vert fremma.
Rekvirentane har kravd registrering av jordsameiga dersom dei vinn fram med sitt syn om at området ligg i sameige. Motparten har sett fram krav om jordskifte/avløysing/omskiping i tilfelle dei ikkje vinn fram med sitt syn. Det vil sei at saka ikkje vert avslutta med denne dommen. Saka er difor utvida i høve til kravet, og held fram for å behandle desse spørsmål når dommen er rettskraftig.

Jordskiftekartet frå 1883

Ole K. Vilnes har stilt mange spørsmål ved jordskiftekartet frå innmarksjordskiftet. Han stiller spørsmål ved om det har blitt endra, og viser særleg til grensa for naustområdet som er ein del av tvistearealet i denne saka. Han har peika på at det er prikkar under strekane som markerer grensa. Strekane må ha komme til i ettertid. Dette var også ein stor del av bevisføringa i saka. Dokument- og skriftgranskar Halvor Brustad har undersøkt jordskiftekartet med arkivnummer 447 og 1019. Jordskifteretten meiner at jordskiftekart med arkivnummer 1019 er eit svært perifert bevis i denne saka, og vurderer difor bevisføringa rundt kartet med arkivnummer 447 som er kartet frå innmarksjordskiftet på Vilnes. Halvor Brustad har undersøkt «mistanke om manipulering av kart og/eller jordskiftedokument». Ordet manipulere betyr i følgje Store norske leksikon å forandre noko på ein utspekulert måte for at noko skal tene eins eigne hensikter, eller å leie eller påverke nokon i ei bestemt retning, ofte på ein skjult måte. Halvor Brustad har samanlikna signaturane på kartet med signaturane til dei same personane på andre kart og jordskiftedokument i same periode. Konklusjonen er at signaturane er ekte. Han har også undersøkt nokre punkt i kartet, m.a. grensa for naustområdet og arkivstempelet. Konklusjonen er at det er «uregelmessigheter i det undersøkte materialet». Det er gjort endringar av informasjon i kartet, og det er skore i kartet etter at stempelavtrykket frå jordskifterettens kartarkiv er påført. Han skriv m.a.:

> «Det er funnet flere uregelmessigheter som indikerer at det er gjort påtegninger som endrer informasjonen i kartet. Dette kan sees i området merket «A» (figur 2), hvor bruksgrenser (prikker) synes å være overskrevet med stiplede linjer (eiendomsgrenser). Sannsynligheten for at de stiplede linjene ble avsatt før de prikkede linjene, ansees som hypotetisk.»

Dersom det skulle vere skore i kartet etter at stempelet er sett på, må dette altså ha skjedd etter at kartet var arkivert i jordskifterettens kartarkiv på Ås. Jordskifteretten er noko tvilande til

konklusjonen om at det er skore i kartet, då det er det digitale materialet som er undersøkt. Halvor Brustad sjølv understreka også dette, at kartet er undersøkt ved å zoome inn i det digitale kartet. Dette gir ikkje same detaljerte informasjon som å undersøke originalen. Jordskifteretten er også tvilande til nytten av å vite at det er gjort endringar i kartet andre stader, utan at Halvor Brustad kunne sei noko om tidspunktet for endringane. Halvor Brustad skulle undersøke «mistanke om manipulering av kartet». Manipulering er ikkje det same som endring. Jordskifteretten er kristisk til metoden som er brukt her: Å vurdere manipulering utan å sette kartet inn i ein kontekst. Brustad har t.d. ikkje skrive noko om korleis jordskiftekartet vart konstruert og endra undervegs medan jordskiftesaka pågjekk. Ut frå jordskifterettens generelle kjennskap til eldre jordskiftekart, og korleis dei vart konstruert og endra gjennom jordskiftesaka er det ein feil i det som Halvor Brustad har skrive ovanfor. Han skriv at dei prikka linjene er bruksrettsgrenser. Det stemmer ikkje. Dei prikka linjene er figurgrenser. Desse vart lagt på kartet då kartet vart konstruert. Då vart det laga eit kart som synte eigarforholda før jordskifte, og med figurinndeling etter markslag. Deretter gjekk jordskifteretten og boniterte marka og påførte boniteringsverdiane på kartet (tala som vi ser bak figurnummera i kartfigurane). Når dette var gjort, kunne ein rekne ut kor store verdiar kvar grunneigar hadde før jordskiftet, og lage ein skifteplan. Dei nye grensene vart då lagt på kartet. I naustområdet har den nye grensa for fellesområdet blitt lagt oppå figurgrensa. Så dette framstår for jordskifteretten som endringar i kartet som følgje av prosessen med å lage det, då det stadig vart lagt inn ny informasjon i kartet. På jordskiftekartet ser ein at det vart konstruert i 1883, lagt fram i jordskifteretten 23.10.1883 og i jordskifteoverretten 8. april 1885. Ved å gå gjennom protokollen og skiftelistene kan det vere mogleg å finne meir detaljert informasjon om korleis dette vart gjort i denne saka. Det fins også retningslinjer om korleis kart m.v. skulle utarbeidast, og standardar for teiknsetting og fargelegging av detaljar i karta. Jordskifteretten kan ikkje sjå at undersøkinga syner noko manipulering av grensa her, når det ikkje er mogleg å sei meir nøyaktig kor tid dette skal ha skjedd. Tvert i mot, meiner jordskifteretten at undersøkinga syner det motsette. Konklusjonen seier ikkje at det er utført «manipulering» i kartet, berre at det er «endringar av informasjon i kartet». Det er ikkje ført bevis som svekkar truverdet til jordskiftekartet frå 1883.

Økonomisk kartverk (ØK)

Det er lagt fram to utgåver av det økomomiske kartet som var det offentlege kartverket før vi fekk det digitale matrikkelkartet. Det økonomiske kartet frå 1965 meiner Ole K. Vilnes syner bruksrettsgrenser for det omtvista området, medan det økonomiske kartet frå 2000 er endra og syner eigedomsgrenser. På kartet frå 2000 står det: «0/0 sameie» på det omtvista området. Dei to utgåvene av det økomomiske kartet er litt ulike, men jordskifteretten si tolking av teiknforklaringa, er at begge utgåvene av ØK–kartet syner eigedomsgrense for det omtvista området. Kartteikn for bruksrettsgrenser er to strekar og to prikkar. Eigedomsgrensene vert lagt inn med strekar mellom kvart punkt der grensa går i rett linje. Der grensa endrar retning i knekkpunkt kan det vere ein prikk. Ingen av kartutgåvene syner ei bruksrettsgrense med to prikkar og to strekar, men eigedomsgrenser slik jordskifteretten ser det. Jordskifteretten vil likevel påpeike at det økonomiske kartet ikkje er juridisk bindande.

Bruken av området

Partane sine forklaringar om bruken av området er svært eintydige. Notavollen vart brukt til å tørke og greie garn og nøter heilt til 1970 – talet. Mange av partane har sjølve vore med på dette. Det var eit svaberg nedst, og så meir grasvokse lenger oppe. Dei drog garna opp i graset for å få vekk skiten før dei la dei utover til tørk. Ole K. Vilnes hadde også vore med på dette

saman med faren. Dei fleste partane er også svært samstemte i at det er sameige og ikkje felles bruksrett. Dette har dei fått fortalt av sine forgjengarar. Dei har alltid høyrt at det var felles. Fiske var ei viktig næring for Vilnesbruka og Sætrebruka, og dei hadde felles notalag. Det har aldri vore diskusjon om eigarforholda på dette området før no. Dei fortel også at det var eit gjerde med grind i som skulle hindre beitedyr i å gå ned til sjøen. Vitnet Vigdis Amundsen fortalte om korleis ho hugsa denne grinda som barn. Ho fortalte også om eit sterkt samhald, felles dugnadsånd og tilhøyrsle. Falk Vilnes fortalde også om gjerdet og grinda, og hugsar at dei slo graset på Notavollen saman med bestefaren. Dei tørka og fengja graset og delte det med naboane. Dei fekk fortalt at graset var felles. Dyra vart gjerda ute frå Notavollen og området ved sjøen. Sjøhusa, kvar har sine tomter og eig sine sjøhus, men rettane er ikkje utskifta. Arealet ligg i felles eige. Dei seinare år har bruken gått meir over til fritidsbruk. Eit flyfoto frå Nærvika frå 1965, syner stor aktivitet med båtar ved sjøen. Konturen av det omtvista området Notavollen syner også godt. Det veks skog på deler av området.
Dei siste åra (sidan ca. 2000) har det gått beitedyr (frå bnr. 5) i fellesområdet. Det gjorde det ikkje tidlegare. Nokre av partane har også reagert på beitebruk, og diskutert om det var rett å ha beitedyr i fellesområdet. Dei har sagt frå, men vore tilbakehaldne då dei ikkje ønskte å lage konflikt. Partane reagerte då Ole K. Vilnes hogg vedaskog i området etter at jordskiftesaka var kravd. Dette arbeidet vart då stoppa med det same.

Sameige eller bruksrett

På jordskiftekartet (1883) til innmarksjordskiftet 1882 – 1884 er det omtvista området merkt «a-g» og i protokollen står det m.a. at:

> «Uberørt af Udskiftningen forbliver: Vandtak og Veie til disse, Tangskjær, Landslod samt de paa Kortet til felles Brug udmerkede Nøst og sjøhusplaner- samt Notavolden, hvori ogsaa Sætres Opsiddere har Brugs- og Eigedomsrett ved Nærviken». (Utdrag s. 17)

Innhaldet i ordet «eigedomsrett» i protokollen, er ikkje nødvendigvis det same som vi legg i ordet eigedomsrett i vår tids oppfatning av dette. Slik jordskifteretten forstår saka, meiner Ole K. Vilnes at bnr. 5 vart lagt ut som ein eigedom med eigedomsrett ned til sjøen. Det omtvista området vart liggande på eigedommen til bnr. 5, med felles bruksrettar, etter jordskifte. Dette ville ikkje vere uvanleg. Men det er vanskeleg å tolke jordskiftesaka på Vilnes i den retning. Jordskifteretten meiner at protokollen, kartet og dei andre dokumenta i innmarksjordskiftet ganske klart og konsekvent omtalar det omtvista området som eit område som låg i sameige før jordskifte, og som vart liggande i sameige etter jordskifte. Innmarksjordskiftet ordna og delte fellesskapet mellom mange likeverdige bønder. Det var ikkje eit hovudbruk som delte ut rettar til mange.
Jordskifteretten har komme til at det omtvista området framleis ligg i sameige, ut frå ei konkret vurdering av dei bevis som er gjennomgått i saka, og særleg dokumenta frå innmarksjordskiftet. Eigedomsretten til området var etablert før jordskiftet i 1882 - 1884, og vi kjenner ikkje stiftingsrunnlaget. Innmarksjordskiftet endra på eigedomsforholda, oppløyste fellesskap og samla mange små teigar til større eigedomar. For at jordskifteretten kunne gjere dette var det nødvendig å kartlegge området, få oversikt over grenser og eigedomsforhold, og verdsette det som skulle gå i byte. Difor vart det «teke opp», altså konstruert eit jordskiftekart i 1883. Jordskiftekartet med tilhøyrande boniteringslister og skiftelister, inneheld oversikt over korleis eigedomsforholda var både før jordskifte og etter jordskifte. Dette er den beste informasjon vi har om korleis eigedomsforholda var på Vilnes før jordskiftet, etter som det

ikkje fins eldre dokument som seier noko om det. Det går fram av kartet og boniteringslistene at før innmarksjordskiftet i 1882 -1884 åtte bruka på garden Vilnes eit område ved sjøen i fellesskap. Før jordskiftet var dette området større enn i dag. Bnr. 2 og bnr. 5 fekk overta noko av arealet som vart skilt ut frå dei felleseigde områda. Dette går fram av jordskiftekartet, rettsprotokollen og skiftelistene som er lagt fram i saka. Eigedommane som var med i jordskiftet er markert på kartet med bokstavane a-g. Direkte overført har grunneigarane a-g matrikkelnummera som i dag er registrert som gnr. 54 bnr. 1, 2, 4, 5, 6, 8 og 9. Der det er små bokstavar syner det eigar før jordskifte. Der det er store bokstavar syner det eigar etter jordskifte, sjå Per Kåre Sky, *Tolkning av gamle jordskiftekart*, publisert i *Perspektiver på jordskifte 2009 s 608-632* på s. 625.
Grensa mellom bnr. 2 og bnr. 5 er ikkje beskriven heilt ned til sjøen. Den ender i den «fælles Nøstplan». (utdraget s. 24) Grensa mellom bnr. 2 og fellesområdet er deretter beskrive ned til sjøen. Så vert grensa mellom bnr. 5 og felles naustområde beskrive og vidare grensa mellom bnr. 5 og «den fælles Notavold, som i østlig, nordvestlig og vestlig Retning er røssatt med 13 Merkestene og 2 + kors, et i Berg og et i en stor Sten ved sjøen». Dei grensene som er beskrivne her, er eigedomsgrenser. Grensa for fellesområdet vart oppretta i innmarksjordskiftet i 1882 – 1884, og er beskriven saman med dei andre eigedomsgrensene og har same signatur på kartet. At bnr. 2 har gjerdeplikta i grensa heilt til sjøen, er naturleg ettersom bnr. 2 eig på den sida av grensa heilt til sjøen. Frå sjøen har bnr. 2 først gjerdeplikt mot fellesområdet og deretter mot bnr. 5 til det punktet der bnr. 5 overtek gjerdeplikta. Grensa for fellesarealet er ei eigedomsgrense for partane som har eigedomsrett i sameige. I tillegg er det andre som har bruksrettar i fellesskapet, noko retten kjem tilbake til.
Gnr. 54 bnr. 5 fekk utlagt ein utmarksteig som hadde grense mot eiga innmark i utmarksjordskiftet i 1924-1925. Der står det om denne utmarksteigen at*: «Eiendommen støter forøvrig til plassen Eidet, sjøen og brnr. 5 og 6's innmark».* På utskiftingskartet frå 1924 – 1925 viser det ikkje noko fellesområde på innmarka fordi i utmarksjordskiftet vart kun areal i «skiftefeltet» i utmarka kartlagt. Innmarka og fellesarealet i innmarka var ikkje ein del av utmarksjordskiftet og var dermed ikkje med på kartet. Manglande detaljar i arealet på innmarka betyr ikkje at rettane i innmarka er sletta eller endra.
I 1931 var det ei utskiljing frå bnr. 5 som underbyggjer at det omtvista området er i felles eige, og at eigar av bnr. 5 respekterte retten. I skylddelingsforretninga er det omtalt slik: «*[d]enne sydlige linje grenser forresten til den for Vilnesgårdene i fellesskaps eiede «Nothaug»*». Uttryket "*Vilnesgårdene*" underbyggjer at alle bruk på gnr. 54 har eigedomsrett til det omtvista området, ettersom dei i fellesskap utgjer «Vilnesgårdene».
I 2009 søkte eigaren av gnr. 54 bnr. 3 om *"overføring av sjøbu bygd på fellesareal og retten til andel i fellesareal inkl. vei"*. Ole K. Vilnes har kvittert ut nabovarselet for søknaden som gjaldt fellesområdet i Nærvika som det er tvist om.

Sætrebruka

Nærvika var einaste samband for bruka på Sætre heilt til 1971 då ferja kom. Sætrebruka sine rettar i Nærvika var også viktig som næringsgrunnlag, og nemnt i jordskifteprotokollen:

> «Uberørt af Udskiftningen forbliver: Vandtak og Veie til disse, Tangskjær, Landslod samt de paa Kortet til felles Brug udmerkede Nøst og sjøhusplaner-

> samt Notavolden, hvori ogsaa Sætres Opsiddere har Brugs- og Eigedomsrett ved Nærviken». (Utdrag s. 17)

I denne saka er Sætrebruka og Vilnesbruka med unntak av bnr. 5 einige om korleis dette fellesskapet skal tolkast. Dei er einige om at det er sameige, der også Sætrebruka er partar, og det er lagt ned påstand som omfattar Sætrebruka. Nina Cecilie Waag for Ole K. Vilnes sin påstand er at både Vilnes og Sætre har bruksrettar, men dei har også peika på at i innmarksjordskiftet til Vilnes er rettane til eigedommane på Sætre beskrivne som bruksrettar. Sætre har ikkje betalt kostnader ved utskiftingsforretninga som fann stad på det omtvista området. Dei har sjøhus og rettar, men ikkje part i sameige. Dei var oppgitt som bruksrettshavarar i rekvisisjonen. Jordskifteretten er einig i dette. Det er Vilnesbruka (a-g) som er oppgitt som sameigarar i det omtvista området. Før jordskifte var sameigeområdet større. Ein del av fellesområdet gjekk inn i jordskiftet, slik at partane fekk tillagt areal etter sin eigarpart. Dersom Sætrebruka var medeigarar i sameiga burde dette gått fram av kartet og skiftelistene. Det gjer det ikkje. Jordskifteretten har komme til at Sætrebruka ikkje er medeigarar i sameiga, men har bruksrett til det omtvista arealet.

Vilnesbruka

Edvin Landøy eig gnr. 54 bnr. 6, 11 og 23 og representerer Laila Iren Landøy Krumsvik som eig gnr. 54 bnr. 46. Han ønskjer ikkje å påstå eigedomsrett i sameiga for desse eigedommane, er ikkje representert ved advokat og ønskjer ikkje å delta i sakskostnader til advokat.
Advokat Egil Horstad har godteke at han ikkje representerer Edvin Landøy, og at han ikkje deltek i sakskostnader til advokat, men har likevel teke med eigedommen i påstanden.
Jordskifteretten er einig i dette fordi det er påstand om at dei eigedommane som er lista opp ovanfor er partar i ei jordsameige. Ei jordsameige er eit bunde fellesskap mellom eigedommar som ein ikkje kan melde seg ut av. Einaste måten å tre ut av ei jordsameige, er at den vert heilt eller delvis oppløyst i ei jordskiftesak. Jordskifteretten vil difor ta stilling til advokat Egil Horstad sin påstand, og vurdere om også bnr. 6, 11, 23 og 46 er medeigarar i sameiga sjølv om eigarane ikkje påstår dette.
Når det gjeld gnr. 54 bnr. 6 som Edvin Landøy eig, så er dette ein av dei eldste eigedommane på Vilnes, og ein av dei som er opplista på kartet i innmarksjordskiftet. Jordskifteretten er ikkje i tvil om at denne eigedommen er part i sameiga. Dei andre eigedommane til Edvin Landøy kom til etter 1885, og jordskifteretten kjem tilbake til desse.
Eigedommane som var med i innmarksordskiftet er markert på kartet med bokstavane a-g. Direkte overført har grunneigarane a-g matrikkelnummera som i dag er registrert som gnr. 54 bnr. 1, 2, 4, 5, 6, 8 og 9. For desse grunneigarane gir innmarksjordskiftet og kartet direkte uttrykk for at dei er medeigarar i sameiga i det omtvista området. I denne saka er det påstand om fleire medeigarar i sameiga, nemleg: gnr. 54. bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 16, 17, 23 og 46.
Gnr. 54 bnr. 3 og gnr. 54 bnr. 10 eksisterte før innmarksjordskiftet vart gjennomført og er ikkje direkte med i opplistinga i bokstav a-g. Dette har vore nemnt i nokre prosesskriv. Slik jordskifteretten oppfattar partane, er det ingen som påstår at desse bruka ikkje kjem under sameiga til Vilnesbruka som er med i opplistinga a-g. Rekvirentane v/advokat Egil Horstad meiner at området var i sameige mellom alle grunneigarane på Vilnes før innmarksjordskiftet. Ettersom dette ikkje er imøtegått legg jordskifteretten dette til grunn.

Bruka som kom til etter 1885 på Vilnes

For dei bruka som kom til etter at innmarksjordskiftet i 1885, fekk dei nye bruka part i sameiga ved skylddeling av eigedommar. For desse eigedommane fins stiftingsdokumenta. Det skulle ikkje stiftast ny sameige ved skylddeling, men dei nye bruka fekk part i eksisterande sameige i samband med skylddelinga. Dei fekk då overført sin part frå det bruket dei vart delt frå. Partshøvet (sameigebrøken) vert utleia direkte frå høvetalet (brøken) til eigedommane dei er utskilt frå. Dette er i samsvar med prinsippet i sameigelova § 2 andre ledd som seier korleis partshøvet i sameiga skal reknast ut. Dette gjeld dei eigedommane som er medeigarar i sameiga.
Jordskifteretten har komme til at gnr. 54. bnr. 7, 12, 16 og 17 er med i sameiga som partar, og gnr. 54. bnr. 11, 23 og 46 har bruksrettar i sameiga.

Gnr. 54 bnr. 11, 23 og 46.

Gnr. 54/11 vart delt frå gnr. 54 bnr. 5 den 1.11.1885. Jordskifteretten legg til grunn at denne eigedommen ikkje er medeigar i det omtvista areal, men har bruksrett. Dette er i samsvar med påstanden til Edvin Landøy og Ole K. Vilnes. Gnr. 54 bnr. 23 er delt frå gnr. 54 bnr. 6. Edvin Landøy eig begge desse to eigedommane. Jordskifteretten legg til grunn at bnr. 23 ikkje er medeigar i det omtvista areal, men har sine bruksrettar der. Gnr. 54 bnr. 46 er delt frå gnr. 54 bnr. 11 den 09.08.2018. Jordskifteretten legg til grunn at bnr. 46 ikkje er medeigar i det omtvista området, men ev. har sine bruksrettar der.

Gnr. 54 bnr. 7, 12, 16 og 17.

Gnr. 54 bnr. 16 er utskilt frå gnr. 54 bnr. 2, og gnr. 54 bnr. 17 er utskilt frå gnr. 54 bnr. 9. Det er ikkje omstridt at bnr. 16 og bnr. 17 har fått medeigedomsrett i sameiga ved skylddelinga, og jordskifteretten legg til grunn at desse bruka er medeigarar i sameiga.
Det er opplyst at gnr. 54 bnr. 7 og gnr. 54 bnr. 12 ikkje har hatt naust i Nærvika innanfor det omtvista området. Bnr. 7 vart skylddelt i 1888, og bnr. 12 vart skylddelt frå bnr. 5 i 1898. I eit skøyte for gnr. 54 bnr. 7 datert 12. januar 1938, følgjer "*1/9 part i Vilnes Notlag*" med salet av eigedommen. Vidare er utskiftinga frå 1882-1884 tinglyst på gnr. 54 bnr. 7, 16 og 17, som tilseier at rettane og pliktene som går fram av utskiftinga også heftar på desse eigedommane. Jordskifteretten sitt syn er at det ikkje er avgjerande for sameigespørsmålet om eigarane på dei nye eigedommane sette opp eigne naust. Det er meir avgjerande om dei frådelte eigedommane var landbrukseigedommar. Fiske og rettar ved sjøen var ein viktig og integrert del av landbruksdrifta på Vilnes på den tida desse eigedommane vart frådelt. Både bnr. 7 og bnr. 12 var landbrukseigedommar. I første skøytet til bnr. 12 står det at den nye eigedomen *«med de Herligheder, Rettigheder og Forpliktelser hvormed jeg har eiet samme herefter følge og tilhøre Kjøberen som hans retmessige Eiendom …»* Karl Johan Garvik si oppfatning er at eigedommen er med i sameiga, og han opplyste om at gnr. 54 bnr. 12 var med i felles notahus, og har vore ein del av fellesskapet i Nærvika. Jordskifteretten si vurdering er at gnr. 54 bnr. 7 og gnr. 54 bnr. 12 hadde medeigedomsrett i sameiga etter si skyld på same måte som dei andre Vilnesbruka.

Hevd/alders tids bruk

Ole K. Vilnes sitt subsidiære grunnlag, er å ha hevda eigedomsrett til det omtvista området. Vilkåra for å hevde eigedomsrett er svært strenge. Ein må m.a. hevde eigedomsrett samanhengande i 20 år og vilkåret er at ein må ha vore i aktsam god tru. Den som veit at han ikkje eig tingen hevdar ikkje. Påstanden her er at bnr. 5 har hevda eigedomsrett til ei sameige som bnr. 5 er medeigar i. Dette må stille strengare krav til bruken av området. Som sameigar har ein ein viss rett til å bruke sameigetingen så lenge det ikkje er til fortrengsel for dei andre eigarane. Ole K. Vilnes godkjenner at det eksisterer rettar til naust og sjøhus på området. Han kan ikkje hevde eigedomsrett under annan manns naust og sjøhus. Ole K. Vilnes hevdar at bnr. 5 har brukt området til beite, og leigd ut området som ein del av garden. Fleire vitne fortalde om beiting i området ved sjøen inkludert Notavollen. Men dette gjeld dei siste åra. Det er også sett opp gjerde for å utnytte området til beite. Denne inngjerdinga blei sett opp i 2016, og gir ikke uttrykk for bruken av det omtvista området gjennom tidene. Det var først i ca. 2010 at dyr beitte på området i ein periode over tre år. Flyfotografia frå 1965 og 2019 viser at området har grodd igjen. Dette underbygger at det så å seie ikkje har vore beita på det omtvista området. Slik jordskifteretten ser det, har området ikkje vore brukt samanhengande på ein måte som gir grunnlag for å hevde eigedomsrett i hevdstid. Ole K. Vilnes overtok i 1993/1994 frå foreldra som kjøpte garden ca. 12 år før. Åse Vilnes (mor til Ole K. Vilnes og tidlegare eigar av bnr. 5) forklarte at dyra gjekk fritt og beitte. Dei kunne gå rett frå fjøsen på marka, i utmarka og ned i vika. Då Herlandsvegen kom på 1970- talet måtte dei ha gjerde på begge sider av vegen. Åse Vilnes visste om Notavollen, men meiner det måtte vere ein bruksrett som kunne fjernast fordi den ikkje var i bruk lenger, og at bnr. 5 eig området ned mot sjøen. Ole K. Vilnes visste også om Notavollen. Kravet om god tru for å hevde er strengt. Det inneber ei plikt til å undersøke. At området er i felles eige fins det lett tilgjengeleg informasjon om på det offentlege kartet. I 2012 gav kommunen avslag på søknad frå bnr. 5 om SMIL-midlar på det omtvista området. Det var ikkje Ole K. Vilnes som søkte, og han seier at han ikkje visste om søknaden eller grunngjevinga for avslaget. Men kommunen har i alle høve reagert på grunn av tilgjengeleg informasjon. Årsaka til avslaget var at området var felles. Naboane som er medeigarar i sameiga har visst at området var felles. I tillegg finn ein same informasjon ved å studere kart og protokoll frå innmarksjordskiftet. Dette er også dokumentasjon som er velkjent og har vore lett tilgjengeleg. Kravet til objektiv god tru er difor ikkje oppfylt. Når det gjeld alders tids bruk så er det krav om ein bruk som skal ha føregått i svært lang tid, mykje lenger enn 20 år. Vilkåret for at bnr. 5 skal ha fått eigedomsrett ved alders tids bruk er heilt klart ikkje oppfylt. Jordskifteretten viser til biletet frå 1965 og partsforklaringane om at Notavollen vart brukt heilt til 1970 – åra.

Passivitet

Det er ikkje grunnlag for at Ole K. Vilnes har eigedomsrett som eineeigar ved passivitet. Dei andre eigarane av det omtvista området har nytta seg av området i tråd med alminneleg bruk av slike område. Dei har brukt sjøhusa og området ved sjøen mest til fritidsbruk dei siste åra. At sameiga også strekkjer seg opp over Notavollen som ikkje har vore brukt i særleg grad, endrar ikkje på dette. Det er ingen forhold som tilseier at sameiga har falle bort.

Fastsetting av grensa

På synfaringa i det saksførebuande rettsmøtet vart rekvirentane sin grensepåstand påvist. Det vart påvist ein stor stein i fjæra som skal vere steinen der grensa for notavollen ender. Det vart ikkje funne nokon kors i steinen. Grensa skal så gå vidare i nordleg retning for å avgrense felles sjøhusområde frå bnr. 5. Denne grensa vart også påvist på synfaringa, med litt ulike påstandar om kvar ho skal ende. I følgje jordskifteprotokollen skal ho ende i ein merkestein ved bøgarden. Eit steingjerde som er det gamle bøgjerdet vart også påvist på synfaringa. Jordskifteretten meiner difor at grensa skal gå i nordleg retning til bøgjerdet, og ikkje knekke mot vest til sjøen slik som den andre påstandslinja syner.
På synfaringa i saksførebuande rettsmøte vart det også påvist ei grense for Notavollen som går lenger mot aust enn slik grensa ligg på matrikkelkartet. På synfaringa i hovudforhandlinga påviste Ole K. Vilnes ei grense som han meiner er bruksrettsgrense. Denne grensepåstanden går lenger vest. Jordskifteretten meiner at den grensa som ligg på påstandskartet med blå linje (den som vart påvist på saksførebuande rettsmøte) er den rette grensa. Denne grensa stemmer best med grensa som er avlagt på jordskiftekartet frå 1883 -1885. Det er ikkje usemje om grensa for det omtvista området andre stader.

Sakskostnader

Rekvirentane (saksøkarane 1-7) har vunne saka og har krav på erstatning for sine sakskostnader i samsvar med tvisteloven § 20-2 første ledd, jf. jordskiftelova § 7-9. Jordskifteretten kan ikkje sjå at det er grunnlag for å frita Ole K. Vilnes frå erstatningsansvaret, etter regelen i tvisteloven § 20-2 tredje ledd. Advokat Egil Horstad har lagt fram ei sakskostnadsoppgåve på til saman kr 414 646,-, der reisekostnader er teke med i tillegg til kostnadsoppgåva som han la fram i hovudforhandlinga. Han har brukt 105,5 timar på saka, inkludert arbeid som adv. flm. Hedda Marie Kallar har gjort. Ole K. Vilnes hadde ikkje merknader til sakskostnadsoppgåva. Jordskifteretten har ikkje noko å sei på timetalet som er brukt, då dette var ei kompleks sak med mange partar. Jordskifteretten pålegg difor Ole K. Vilnes å betale kostnader med rettshjelp i samsvar med påstanden til rekvirentane. Partane skal også betale gebyr til jordskifteretten. Her følgjer det at dersom gebyra er direkte knytt til tvistebehandlinga, så har også den vinnande part krav på å få desse dekka. Saka vert ikkje avslutta med denne dommen, då det også er krav om registrering av jordsameige, avløysing av bruksrettar og ev. jordskifte. Jordskifteretten ventar difor med å krevje inn gebyr til saka er avslutta.

Førehands påanke og vidare saksgang

Dommen vert sett til førehands påanke i medhald av jordskiftelova § 8-2 tredje ledd. Hovudregelen i jordskifte er at ei avgjerd ikkje kan ankast før heile saka er slutt. I denne saka meiner jordskifteretten at det er avgjerande at rettsforholda er rettskraftig avgjort før ein går vidare med saka.
Området saka gjeld er registrert utan matrikkelnummer, og det er eit reelt behov for å registrere området i matrikkelen. Når saka vert avslutta vil også grenser verte fastsett, målt inn, kartfesta og registrert i matrikkelkartet. Krav om å registrere jordsameige vil

jordskifteretten komme tilbake til når dommen er rettskraftig. Det same gjeld krav om avløysing/omskiping eller ev. krav om jordskifte for å løyse opp sameige.

Slutning

1. Saka vert fremma.
2. Eigedomsretten til det omtvista areal ligg i sameige mellom gnr. 54. bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 12, 16 og 17 i Askvoll kommune.
3. Eigedomsgrensene til det omtvista areal vert fastsett slik som blå strek på påstandskartet, og ender i nord i steingjerdet.
4. Ole Kistrup Vilnes vert dømt til å erstatte Saksøkarane 1-7 sine sakskostnader med kr 414 646. Beløpet skal betalast til advokatfirmaet Schødt AS v/advokat Egil Horstad to veker etter at denne dommen er forkynt.

08.04.2021

Liv Løken

ORIENTERING OM ANKE

Overprøving av avgjerder frå jordskifteretten

Avgjerderfrå jordskifterettenkananka sttillagmannsretten. Nedanfor er ei kort orientering om ankereglane.

Ankefrist
Ankefristen er ein månad og blir rekna frå dagen du får saka forkynt (dato for når saka blir rekna som forkynt, blir opplyst i forkynningsbrevet). Ankefristen blir avbroten av rettsferien dersom anna ikkje er bestemt. Det er rettsferie frå og med siste laurdag før palmesundag til og med 2. påskedag, frå og med 1. juli til og med 15. august og frå og med 24. desember til og med 3. januar, jf. domstollova § 140. Dette betyr at om du eksempelvis får forkynt ei avgjerd 15. juni, går ankefristen frå denne dagen til 30. juni. Deretter begynner den å gå 16. august og med så mange dagar som står att av ankefristen før ein når ein månad – i dette tilfellet 15 dagar til 31. august).

Kva for reglar gjeld og kva må ei anke innehalde?
Reglaneforankevariereravhengigavkvafortypeavgjerd du vil anke.

Dom, orskurd og vedtak
Fordesseavgjerdenegjeldreglane i tvistelova kapittel 29. I fylgje § 29-9 skal anken innehalde

ankedomstolen
namn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger
den avgjørelse som ankes
om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare bestemte deler av den
det krav ankesaken gjelder, og en påstand som angir det resultat den ankende part krever
de feil som gjøres gjeldende ved den avgjørelse som ankes
den faktiske og rettslige begrunnelse for at det foreligger feil
de bevis som vil bli ført
grunnlaget for at retten kan behandle anken dersom det kan være tvil om dette
den ankende parts syn på den videre behandling av anken

Jordskifteavgjerd
Omduvilanke ei jordskifteavgjerd, gjeld reglane i jordskiftelova kapittel 8. Desse reglane gjeld og om jordskifteretten har halde skjønn som del av ei jordskiftesak etter jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3. I fylgje jordskiftelova § 8-5 skal anken i slike saker innehalde

namnetpå ankedomstolen
saksnummer og kva avgjerd anken gjeld
om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne
ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken

Når anken gjeld jordskifteavgjerd, blir som hovudregel alle som var partar i jordskiftesaka med som partar i ankesaka.

Verdigrense ved anke over dom
Som hovudregel kan ikkje lagmannsretten behandle anke over dom som gjeld verdiar mindre enn 250 000 kroner (jf. tvisteloven § 29-13). Om det kan vera tvil, bør du forklare kvifor ankegjenstanden er verdt meir, eventuelt kvifor lagmannsretten likevel bør behandle anken. For anke over jordskifteavgjerd gjeld ikkje regelen om verdigrense.

Rettsforlik
Rettsforlik er ikkje ei avgjerd teken av jordskifteretten og kan heller ikkje ankast. For å få avgjort om forliket kan bli oppheva, må du gå til søksmål for tingretten (jf. tvisteloven § 19-12).

Kostnader

For anke til lagmannsretten må du betale eit gebyr på 24 gonger rettsgebyret. For tida er rettsgebyret kr 1199, slik at gebyret blir kr 28776 (jf. rettsgebyrlova § 8). Tek behandlinga i lagmannsretten meir enn ein dag, er gebyret for dei neste fire dagane tre gonger rettsgebyret per dag. Deretter er gebyret 4 gonger rettsgebyret per dag. I tillegg til gebyret kjem utgifter lagmannsretten har til mellom anna meddommarar.

Om anken blir trekt før det fyrste rettsmøtet, er det reglar for reduksjon av gebyra. Om saka blir forlikt blir også gebyra redusert.

Lagmannsretten kan krevje forskott på kostnadene.

Kvar anken skal sendast

Ankenskalunderskrivastog stilast til lagmannsretten, men sendast til jordskifteretten.

Meir informasjon

Omdu har spørsmål om ankereglane eller anna, vil dei tilsette ved jordskifteretten kunne svare deg. Sjølvprosederande partar kan anke munnleg ved å møte fram personleg i jordskifteretten. Du vil då kunne få hjelp til å setje opp anken. Det same gjeld for prosessfullmektig som ikkje er advokat.

Matrikkelføring og tinglysing

Nåranken erbehandlaog sakarettskraftig, vil jordskifteretten sørge for nødvendig tinglysing og sende melding til matrikkelfører.

Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett
Aktørportalen

Oslo, 07.05.2021

Oppdragsansvarlig advokat: Max Henrik Jespersen
1412391v6

ANKE

TIL

GULATING LAGMANSSRETT

Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifteretts saknr. 20-113396RFA-JFOR VILNES

Ankende part:	Ole Kistrup Vilnes
Prosessfullmektig:	*Advokat Max Henrik Jespersen* *Elden Advokatfirma AS* *Boks 6684 St. Olavs plass* *0129 Oslo*
Ankemotpart:	Ann-Katrin Hårklau, Vegard Kristoffer Vilnes, Karin Strand, Agnar Vilnes, Kjartan Vilnes, Magnar Vilnes og Fall Vilnes og Kjellaug Vilnes
Prosessfullmektig:	*Advokat Egil Horstad* *Advokatfirmaet Schjødt* *Pb. 2022 Nordnes* *5817 Bergen*
Saken gjelder:	Anke over Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifteretts dom i sak 20-113396RFA-JFOR VILNES av 8.4.2021

1 INNLEDNING

1.1 Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifteretts dom

Sunnfjordog Ytre Sogn Jordskifterett avsa den08.04.2021 dom med slik slutning:

1. Saka vert fremma.
2. Eigedomsretten til det omtvista areal ligg i sameige mellom gnr. 54, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 12, 16 og 17 i Askevoll kommune.
3. Eigedomsgrensene til det omtvista areal vert fastsatt slik som blå strek på påstandskartet, og ender i nord i steingjerdet.
4. Ole Kistrup Vilnes vert dømt til å erstatte Saksøkarene 1-7 sine sakskostnader med kr. 414 646. Beløpet skal betalast til advokatfirmaet Schjødt AS v/ advokat Egil Horstad to veker etter at denne dommen er forkynt.

Dommen, *dvs. påstandspunkt 2-4*, ankes med dette til Gulating lagmannsrett. Anken retter seg mot jordskifterettens bevisvurdering og rettsanvendelse når det gjelder spørsmålene om eiendomsrett og fastsettelse av eiendomsgrensen, og rettens saksbehandling.

Anken er fremsatt innenfor lovens frist ved at nærværende ankeerklæring er lastet opp i Aktørportalen.

2 NÆRMERE BEGRUNNELSE FOR ANKEN

2.1 Ad. spørsmålet om eiendomsretten til arealet

Ankende part mener at jordskifteretten har gjort feil i bevisvurdering- og rettsanvendelsen, når retten ved dommen etablerer et realsameie på det omtvistede arealet («arealet») i Nærvika på Vilnes. Domsresultatet i jordskifteretten er for alle praktiske formål en sluttføring av den rettingen av matrikkelen som Askvoll kommune i sitt brev av 30.04.20201 varslet at de ønsket å gjennomføre. Domsresultatet er uriktig fordi innebærer en overføring av eiendomsretten fra gnr. 54, bnr. 5, til det, ved domsresultatet, etablerte jordsameie. Eiendomsretten til arealet kan ikke overføres ved dom uten at det foreligger et gyldig rettsgrunnlag for dette.
Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifteretts dom er en *delvis* avgjørelse av de tvistetemaene som er gjenstand for behandling i sak 20-113396RFA-FJOR VILNES. Det feilaktige domsresultatet er tenkt anvendt av jordskifteretten i det videre arbeidet med saken, jf. jordskifterettens dom s. 17. For at det endelige resultatet av jordskifte ikke skal bli feilaktig, så er det avgjørende at lagmannsretten tar anken inn til realitetsbehandling og avsier en korrekt dom om tvistetemaene.

[1] Jf. dokumentutdraget s. 70

Ankende part er, som eier av gnr. 54, bnr. 5, rettsetterfølger etter tidligere grunneier Knud Mathiassen. Knut Mathiassen var den som begjærte utskiftningen i 1882-18842. I dokumentutdraget s. 8 fremgår det at:

> *«Deres forlangte Opplysninger skal jeg herved give Dem tilkjende saa vidt som mulig: 1 at enhver av Gaardeierne ere så vel fornøiede med Utsjeftingen foruten nogen Tilsigelse af Lensmanden: og saa forlanges af os alle at vor Indmark skal deles i Tvende Dele altsaa at i den senere Tid intreinede Loddeiere en Del Udmark til sine Gaarre, som de ny eier hvert sit Stykke, som ikke vedkommer den gamle inmark, og den vil vi fremdeles eie paa samme Maade naar Dere har sjeftet det og altsaa bliver Gaarden skjeftet i tvende Dele, og saa vil vi med det samme faa Sjeft en liden Del dyrbare Utmark med de samme som de andre Naboer ere fornøiede med.*

Fra jordskiftedommens gjengivelse av ankemotpartens anførsler står det bl.a. at: *«Jordskiftesaka i 1882-1884 beskrivereigedomssituasjonen førjordskifte, men rettane vart ikkjestifta då. Ingenav partanehar stiftingsgrunnlagetsom seierkvasom var avtalt. Det skjeddefør 1885. Dette erdet semje om.»* Jordskifteretten har også grepet fatt i dette, jf. ordlyden i domsgrunnene under «sameige og bruksrett»: «*Eigedomsretten til området var etablertfør jordskiftet i 1882-1884, ogvikjennerikketilstiftelsesgrunnlaget* ».

Det har gjennom tidene blitt avholdt flere skylddelingsforretninger i området, jf. vedlagt utskrift av grunnboken. Jeg har tiltrådt som prosessfullmektig for Vilnes kort tid før ankefristens utløp, og har av den grunn ikke fått anledning til å få gjennomført ytterligere undersøkelser. Det varsles herved om mulige ytterligere dokumentfremleggelse om øvrig utskiftninger, rettighetsforhold m.m. for å belyse saken.

Bilag 1: Grunnbokutskrift for eiendommen gnr. 54, bnr. 5

For ordens skyld så påpekes det at utskiftningen i 1882-1884 ble håndtert etter den dagjeldende Lov om Udskiftning av 13. mars 1882. Lovteksten ligger ikke på Lovdata, men fotokopi av lovteksten fra gammel Norsk lovsamling 1 er tilgjengelig i arkivet til Jordskifterettene (https://www.domstol.no/jordskifterettene/om-jordskifterettene/jordskiftevirksomheten-i-et-historisk-perspektiv/gamle-jordskiftelover/). Den i arkivet lagrede lovteksten fremlegges for enkelthets skyld her

Bilag 2: Fotokopi av lovteksten til Lov om Udskiftning av 13. mars 1882

At det var en opprydning av teigene i Vilnes Innmark som var målet med jordskiftet i 1882-84 fremgår av jordskifterettens protokoll3

> *«Ved at befare Vilnæs.s Indmark finner Retten, at denne ligger i sterk Teigeblanding, og at en hensigtsmæssig Samlen af disse paa hver lodeier kan foretages.»*

Iforbindelse med jordskiftei1882-84 og overjordskiftet i 1885 så ble det utarbeidet og benyttet kart over innmarkentil Vilnæs4.

[2] Jf. dokumentutdraget s. 7
[3] Jf. dokumentutdraget. s. 11
[4] Jf. dokumentutdraget s. 146

Før vi knytter noen kommentarer til kartet, så gjør vi oppmerksom på at Knut Mathiassen sin eiendom gnr. 54, bnr. 5, er litra F. At det er slik fremgår bl.a. av jordskifterettens fordeling av omkostningene[5]

> «*Litraf:Knud MathiassenbetalerefterForholdstal5*
> *O m k o s t n i n g e r m e d* ... ...

Iforhold til tolkning av jordskiftekartet, så slutter vi oss til Per Kåre Sky merknader i artikkelen «Tolkning av gamle jordskiftekart»[6]:

> *«Bokstaver, både store og små, blir brukt for å markere henholdsvis ny eier og eier før jordskifte – for eksempel litra A etter jordskifte og litra a før jordskiftet (i kursiv)»*

Skys merknader er særdeles treffende når vi ser på jordskiftekartet fra 1883 og 1885 (dok. utdrag s. 146), der vi ser at det nettopp er benyttet litra F etter jordskiftet og litra f før jordskiftet. Det omtvistede arealet er merker (*a-g*), dvs. at dette var eierforholdene før jordskiftet, og at arealet etter jordskiftet ligger innenfor eiendommen til Knud Mathiassen merket med F. Det blir en motstrid ved jordskifterettens tolkning av jordskiftekartet, når den på det omtvistede arealet tolker små bokstaver i kursiv (*a-g*) slik at det skal gjelde de nye eierforholdene, mens jordskifteretten for øvrig tolker små bokstaver i kursiv som uttrykk for gamle eierforhold. Vi viser for øvrig til utskiftningsprotokollen[7]

> *«De nye Lodder paa Indmarken bliver at tiltræde den 24. Oktober 1884 mot Ret til den forrige Besidders Utkastelse.»*

Ordlyden viser at jordskiftet ble effektuert den 24. oktober 1884.

Iutskiftningen fra 1882-1884 så fremgår følgende[8]:

> *«Til Eiendom for Litra a: blev derefter uttaget Nøstplan af nr. 287. Uberørt at Udskiftningen forbliver: Vandtak og Veie til disse Tangskjær, Landslod samt de paa Kortet til felles Brug udmerkede Nøst og sjøhusplaner- samt Notavolden, hvori ogsaa Sætres Opsiddere har Brugs- og Eiendomsret ved Nærviken.»*

Vi bemerker at Nøstplanen uttatt av nr. 287 er merket med «D» på jordskiftekartet[9] (Denne delen av jordskiftekartet er i fokus på bildet i tilsvarets s. 410). Poenget er å vise at det at dette arealet er håndtert annerledes i utskiftningen enn de omtvistede arealene, som er, som tidligere nevnt, kun merket med små bokstaver i kursiv (*a-g*). At eiendomsforholdene er markert ulikt, indikerer, at sitatet referere til bruksrettigheter (jf. ordlyden «*felles brug*»), og ikke eiendomsrettigheter.

---

[5] Jf. dokumentutdraget s. 144 Jf.
[6] adv. Horstads prosesskriv s. 63 Jf.
[7] dokumentutdraget s. 36 Jf.
[8] dokumentutdraget s. 17 Jf.
[9] dokumentutdraget s. 146
[10] Jf. dokumentutdraget s. 104

At små bokstaver i kursiv (*a-g*) i utskiftningskartet, etter utskiftningen, ikke refererer til eiendomsretten understrekes ytterligere av at ordlyden i utskiftningsprotokollen på side 10 (dokumentutdraget s. 25):

> *«Alle Gangstier og den øvre Kjørevei over Knut Mathiassens Lod bliver at sløife.»*

Øvre kjørevei fremgår på utskiftningskartet over Notevold/Notahaugen nord på eiendommen i retningen øst-vest. At området beskrives som Knut Mathiassens lodd underbygger at han hadde eiendomsretten.
Ankende part viser for øvrig til gjerdebeskrivelsene i utskiftningen fra 1882-8411:

> *«Mærket mellom Peter og Knud Mathiassen gjærdes saaledes: Fra Løken og nedover 90 Meter til en nedsat Mærkesten gjærdes Knud og herfra til Søen gjærder Peter Andreassen 195 Meter.»*

Gjerdebeskrivelsene viser at det ikke var tale om noe fellesområde mellom eiendommene.

Ankende part viser videre til følgende ordlyd i protokollen12:

> *«I medhold af Lovens § 50 foretoges derefter saadan ordning at Forholdet mellem Eierne og Strandsiddere inden Fællesskabet: Strandsidder Johannes Jacobsen, som tidligere, har boet paa Peter Andreassens gamle Teig, tilstaaes Ret til fremdeles at bo paa de gamle Tomter mod at svare til sin nye Jorddrot Knut Mathiassen den tidligere aarlege Grundleie 4- fire – kroner.»*

«Jorddrot» er i Det Norske Akademis ordbok (https://naob.no/ordbok/jorddrott) er en gammel betegnelse for en «*eier av større jordeiendom (med leilendinger)*». Ankende part mener at det er betegnende for den ordningen som er etablert i Nærvika, der han er grunneier til arealet, og det er etablert sjøhus/naust på stedet. Ankende part viser også til at eierne av gnr. 54, bnr. 5 har opptrådt som grunneiere i ettertiden, herunder med diverse rettslige disposisjoner og faktisk bruk av arealet. Det følger også av utskiftningen fra 1924-25 at arealet tilligger hans eiendom gnr. 54, bnr. 5. Vedr. beskrivelsene i utskiftningsprotokollen, så fremgår det at man ved utskiftningen i 1924- 25 benyttet kartet fra 190313. I protokollen står det at:

> *«Dette kart blir dog å supplere med nye punkter for innmåling av nye boniteringslinjer og skiftelinjer i den utstrekning som rettens formann senere måtte bestemme».*

Vi viser til beskrivelsen i utskiftningen fra 1924-25 s. 14[14]

[11] Jf. dokumentutdraget s. 27
[12] Jf. dokumentutdraget s. 26
[13] Jf. dokumentutdraget s. 43
[14] Jf. dokumentutdraget s. 54

> *«brnr. 5, eier og bruker Ole Johan Vilhelmsen er tildelt den del av utmarken, der ligger sydvest for grensen 5 og 6. Eiendommen støter for øvrig til plassen Eidet, sjøen og brnr. 5 og 6's innmark.»*

Ankende part mener at denne ordlyden gir en beskrivelse av at det omtvistede arealet tilligger eiendommen gnr. 54, bnr. 5.
Videre så fremgår det av utskiftningsprotokollen fra 1925 (s. 17) at eiendommen gnr. 10, bnr. 12, bnr. 7 og bnr. 2 er fått avmerket sjøhusgrunner15 med nærmere bestemte spesifikasjoner av tomtene i søre Nærviken. Samme sted så fremgår det at:

> *«Som felles oplagsplass og notvoll til bruk for alle bruksnummer i Vilnes uttas et område på nordre side av brnr. 2' tomt og betegnes ved en linje som utgår fra hans tomts nordøstre hjørne og går i nord retning 16,3 m til + i fjell, herfra mot vest 9,8 m til + i do.»*

Beskrivelseneiutskiftningsprotokollen viseratdet ertaleometableringav *bruks*rettigheter, og ikke *eiendoms*rettigheter.
Ankende part anfører videre at det økonomiske kartet fra 196516 også viser at det omtvistede området ligger under eiendommen gnr. 54, bnr. 5. Disse kartene viser bruksgrenser ved sjøhusplanen.
Vi viser til at Ytre Sunnfjord jordskifterett i 1973 behandlet jordskiftesak om klarlegging av grenser mellom sjøhustomten til gnr. 54, bnr. 2 og 16, og bnr. 7 i Aksvoll herad17. Det var altså rettsforgjengerne til tre av ankemotpartene som var parter i jordskifteretten i 1973. I «orskurd» skriver jordskifteretten den gang:

> *«I 1925 vart det slutta eit jordskifte av ein del av den sams utmarka til bnr. 2, 3, 5, 6, 7, 10, 11 og 12 på bnr. 54, Vilnes i Aksvoll. I dette jordskiftet vart det lagt ut og avmerka eindel sjøhustomtar på ein stad som kallast Søre Nærviken. Både bnr. 2 og bnr. 7 fekk utlagt sjøhustomtar her og grensande til kvarandre.»*
> *[...]*
> *Tomten som bnr. 2 fekk utlagt i 1925 er no sameige mellom bnr. 2 og bnr. 16.*

Ankende part viser til at orden «sams» utmark ikke frem av utskiftningen fra 192518, idet utskiftningen bruker ordlyden «*en del av*» gården Vilnes utmark. Bnr. 7 og 10 har bygd naust på en fradelt tom på Starneset (som ble solgt i 1962).

Under domsgrunnene skriver jordskifteretten19

[15] Jf. dokumentutdraget s. 57
[16] Jf. dokumentutdraget s. 466
[17] Rettsboken fra jordskifteretten er i dokumentutdraget s. 471 flg.
[18] Jf. dokumentutdraget s. 43
[19] Jf. dokumentutdraget s. 476

> *«Dei grensemarka som partane har synt retten er klåre og tydelege og av partane sine forklaringar går det fram at dei har retta seg etter desse, og brukt tomtane i samsvar med dei grenser som desse grensemerka syner, heilt i frå 1925 og fram til i dag.»*

Domsgrunnene fra jordskiftesaken i 1973 viser at ankemotpartens rettsforgjengeres rettigheter har vært begrenset til sjøhustomtene og bruken av disse, og ikke som grunneiere til arealet som sådan.
Rettsboken fra jordskifterettens behandling i 1973 gir videre opplysninger om jordskiftet fra 1925, jf. beskrivelsene fra en av parten, Falch Vilnes, så opplyste han å ha vært tilstede under skylddelingen i 192520. Jordskifteretten uttaler følgende om jordskiftekartet:

> *«Då tomtane ikkje er avlagde på det jordskiftekartet som vart nytta i utskiftningen i 1925, har ein truleg ikkje nytta kartet med utmerkinga av sjøhustomtane. Det ville vel også ha støytt på tekniske vanskar på nytte kartet ved fastleggjinga av grensene for sjøhustomtane, då det inneheld lite fastmerke til å ta utmål frå. Den framgangsmåten som Falch Vilnes har forklart vart nytta, var vel det som i praksis var den mest høvelege i dette tilfelle.»*

Ankende part slutter seg videre til beskrivelsene av eiendom- og rettighetsforholdene som er beskrevet i rettsboken fra Sunnfjord og Ytre Sogn Jordskifterett datert 24.04.199521:

> *«Området i Nærvika som vart avmerka i Vilnes innmarksjordskifte i 1884 er eit felles område der gnr. 54 Vilnes her grunneier, men der bruk på gnr. 53 Sætre og bruk på gnr. 54 Vilnes har naust- og sjøhusgrunnar.»*

Beskrivelsene viser også hvordan man i tidligere tider har oppfattet eiendoms- og rettighetsforholdene på stedet. Ankemotpartenes rettsforgjengeres har opptrådt som bruksrettshavere.
Det må trekkes et skille mellom eiendomsretten til de de ulike sjøhus og naust som står i området, og eiendomsretten til arealet. De ulike sjøhus og naust tilhører de respektive bruk som de tilhører. Etablering av sjøhus og naust medfører ikke, i seg selv, at de respektive eiendommene som har etablert sjøhus og naust, får eiendomsrett i grunnen.
Jeg bemerker at daværende eier av gnr. 54, bnr. 2, Asbjørn Vilnes, var part i jordskifteretten i 1995, og avga erkjennelsen av de rette eiendoms- og bruksrettforholdene på stedet. Ny eier av gnr. 54, bnr. 2 er del av nærværende sak, og krever, i strid med hva hans rettsforgjenger anførte i 1995, eiendomsrett til arealet.

***

Ankende part opprettholder desubsidiære og atter subsidiære anførslene om at han, for det tilfelle at lagmannsretten skullemene at eiendomsretten til arealet ikke lar seg dokumentere ved de fremlagte dokumentene,gjennom sine rettsforgjengere og egen bruk av eiendommen

[20] Jf. dokumentutdraget s. 476
[21] Jf. dokumentutdraget s. 84

har hevdet eiendomsretten til arealet, evt. at eiendomsretten har tilfalt gnr. 54, bnr. 5 som følge av passivitet på de andre eiendommers hånd. Ankende part viser til at av arealet fra 1967, da ankende parts foreldre overtok eiendommen, har vært benyttet til beite og uttak av skog på lik linje med den bruken som ankendepart har av eiendommen i dag.

2.2 Grenser til arealet

Ankende part viser til at jordskifteretten har gjort feil ved fastsettelsen av grensen. Ankende part viser til at han under grensegangen i ankeforhandlingen påviste den grensen som han mener er bruksrettsgrenser. Ankende part fastholder sine beskrivelser, og at den rette *bruksretts*grensen går lengre vest enn den grensen som er fastsatt av jordskifteretten.

2.3 Krav om avskipning og omskipning av bruksrettigheter

Idet jordskifteretten ikke avgjorde spørsmålet om eiendomsretten i ankende parts favør, så har retten heller ikke avsagt dom over spørsmålet om avskipning evt. omskipning av bruksrettigheter. Idet jordskifteretten ikke har avsagt dom om dette kravet, så kan kravet heller ikke være del av ankesaken. Ut fra sammenhengen gjøres det likevel oppmerksom på at ankende part ikke har frafalt disse kravene.

3 BEVIS

Det påberopes samme dokumentbevis og vitnebevis som for jordskifteretten.

Som NYE bevis tilbys lagmannsretten:

- Utskrift fra Digitalarkivet over folketellinger utført mellom 1891-1920.
  Folketellingene tar også med beboere som leide hus («strand-sittere»). Dette var folk som bodde i sjøhusene langs kysten. Flere av strandsitterene som er med i tellingen er registrert under gården gnr. 54, bnr. 5

Bilag 3: Utskrift fra Digitalarkivet

Ankende part viser til at han har gitt Halvor Brustad i oppdrag å undersøke det originale jordskiftekartet fra 1883. Jordskifteretten kommenterer i sin bevisvurdering at en slik undersøkelse, og funnene fra denne, vil kunne gi mer detaljert informasjon om kartet. Det varsles derfor at en rapport fra Brustad om dette vil bli fremlagt som nytt bevis i saken.

Ankende part mener at det finnes feil og uriktigheter knyttet til flere av kartene i saken. Han viser til rapportene fra Brustad som ligger i saken. Ankende part tar forbehold om ytterligere bevisførsel om dette knyttet til de dokumenter som har betydning for saken.

4 PÅSTAND

Under henvisning til ovenstående nedlegges slik ærbødig

PÅSTAND:

1. Anken tillates fremmet.
2. Eiendomsretten til det omtvistede arealet tilfaller gnr. 54/bnr. 5 i Askvoll
3. Grensen for arealet er som fastsatt av Ankende part.
4. Ole Kistrup Vilnes tilkjennes sakens omkostninger for jordskifteretten og lagmannsretten.

Nærværende anke lastes opp i Aktørportalen.

Oslo, 07.04.2021
ELDEN ADVOKATFIRMA AS

Max HenrikJespersen
Advokat

GULATING LAGMANNSRETT

DOM

Sagt: 13.05.2022

Saksnr.: 21-095348ASD-GULA/AVD2

Dommarar:

Jordskiftelagdommar	Vidar Bergtun
Førstelagmann	Magni Elsheim
Lagdommar	Bjarte Askeland

Ankende part	Ole Kistrup Vilnes	Advokat Max Henrik Jespersen
Ankemotpart	Kristin Undset	
Ankemotpart	Karl Johan Garvik	
Ankemotpart	Kjartan Vilnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Karin Strand	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Magnar Vilnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Agnar Kjell Vilnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Geir Inge Barsnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Kjellaug Asborg Vilnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Vegard Kristoffer Vilnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Falk Melchior Vilnes	Advokat Egil Horstad
Ankemotpart	Ann Kathrin Mjåseth Hårklau	

Ingen avgrensingar i retten til offentleg attgiving

DOM

Saka gjeld tvist om eit område ved sjøen ligg i eineeige eller i sameige.

Framstilling av saka
Garden Vilnes har gardsnummer 54 og ligg sør på Atløy i Askvoll kommune. Garden grensar mot gnr. 53, Sætre i nord og gnr. 52, Leirvik i aust. I sør og vest grensar garden mot sjøen. Vest på garden, innom Klubbeneset, ligg Nærvika. Her ligg mange naust som tilhøyrer bruka på Vilnes (gnr. 54) og Sætre (gnr. 53). Nærvika var felles tilkomststad sjøvegen før det kom ferjekai på Gjervik i 1971.

Saka gjeld tvist om eigedomsrett og grenser for eit areal ved Nærvika på Vilnes. Usemja gjeld om eigedomsretten ligg i sameige mellom fleire bruk på Vilnes, ei såkalla jordsameige, eller om gnr. 54 bnr. 5 er eineeigar av arealet. Arealet som er omtvista er Notavollen, og stranda i Nærvika der nausta ligg, inkludert grunnen under nausta. Det omtvista arealet er om lag 10 dekar. Det omtvista areal er omkransa av gnr. 54 bnr. 5 si innmark, og ei kort grense mot gnr. 54 bnr. 2 i sør.

Det er ikkje tvist om bruksrettar som vegrett eller rett til naustplass. Notavollen er frå gamalt av brukt til å reinske og tørke fiskenøter. Dette er heller ikkje omtvista, men den geografiske utstrekninga av bruken er omtvista. Eit sentralt bevis i saka er innmarksjordskiftet på Vilnes i 1882 – 1884 og det tilhøyrande jordskiftekartet.



Figur nr. 1 Utsnitt av jordskiftekart frå innmarksjordskiftet på Vilnes 1882-84. Litra E i kartet tilsvarar bnr. 2 medan litra F tilsvarar bnr. 5.

Grensa mellom Litra F (bnr. 5) og Litra E (bnr. 2) vart i innmarksutskiftninga skildra frå den vesle tjørna (Løken) til høgre i figur nr. 1, først om lag 118 meter etter 4 merkesteinar i sørvestleg retning, sidan om lag 163 meter i vestleg retning etter 5 merkesteinar, der den siste merkesteinen er skildra «*nedsat i Mærket mod den fælles Nøstplan, hvor Mærket mellem Peter [bnr. 2] og Knud Mathiessen [bnr. 5] slutter*». Grensa mellom bnr. 2 og den «*felles Nøstplan*» er deretter skildra ned til sjøen slik:

> Peters Lod, som paa Vest - og Nordsiden begrændses af den fælles Nøstplan, røssattes fra denne saaledes: Fra den sidst beskrevne Sten i ret linje i sydlig Retning til en nedsatt Mærkesten er 5 Meter, derfra i vestlig Retning til et i Berg ved en liden Elv indhugget Kors er 18 l/4 Meter og herfra til en nedsat Mærkesten 11 3/4 Meter og forlænges Mærket efter de 2de sidste Puncter til Sjøen.

Grensa mellom bnr. 5 og den fælles Nøstplan vart vidare skildra slik:

> Fra den Mærkesten, hvor Mærket mellem Peter og Knud slutter, gaar Mærket i ret Linje i nordlig Retning, først til en Mærkesten 18 meter og derfra til Kors i Berg 17 1/2 Meter; herfra i vestlig Retning i ret linje til et indhugget + i Berg 26 Meter, hvorfra Mærket bøier og gaar i nordlig Rætning i ret Linje først til en Mærkesten 21 Meter og derfra til x i Berg 20 1/2 Meter. Her begynder den fælles Notavold, som i østlig, nordvestlig og vestlig Retning er røssat med 13 Mærkestene og 2 +, et i Berg og et i en stor Sten ved Søen. Fra dette sidste + ved Søen, gaar Mærket mellem Knud Mathiassen Lod og de fælles Sjøhusplaner i nordlig Retning i ret Linje til + i stor sten 19 Meter, derfra i nordvestlig Retning til + i Berg 11 Meter og herfra i nordlig Retning til en ved Bøgarden nedsat Mærkesten, hvor Mærket slutter.

Ved ei utmarksutskiftning på Vilnes i 1924-25 vart bnr. 5 utlagt med ein utmarksteig som mellom anna grensa mot eiga innmark. Yttergrensene for denne utmarksteigen til bnr. 5 vart skildra slik: «*Eiendommen støter forøvrig til plassen Eidet, sjøen og brnr 5 og 6's innmark*». På utskiftingskartet oppteke i 1903, men nytta på ny i utmarksutskifting 1924 – 1925, er det ikkje teikna noko fellesområde på innmarka.


I jordskiftesak 3/1973 ved Ytre Sunnfjord jordskifterett var det tvist mellom bnr. 2, 7 og 16 om grensene for sjøhustomtene deira. Grensene vart fastsett og det vart laga eige kart.

I jordskiftesak 15/1994 ved Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett går det mellom anna fram av jordskifteavgjerda at «*Området i Nærvikja som vart avmerka i Vilnes innmarksjordskifte i 1884 er eit fellesområde der gnr. 54 Vilnes er grunneigar, men der bruk på gnr. 53 Sætre og bruk på gnr. 54 Vilnes har naust-/sjøgrunnar.*»

Gjennom arbeid med oppdatering av matrikkelkartet, oppdaga Askvoll kommune at tvisteområdet mangla matrikkelnummer. Kommunen sendte eit brev til potensielle partar

med forslag om retting av matrikkelkartet. Etter noko korrespondanse, kom det fram at det ikkje var semje om rettsforholda, og kommunen kunne såleis ikkje gjennomføre retting.

Ann Kathrin Hårklau mfl. kravde jordskiftesak den 13.08.2020. I samband med gjennomføring av saka i jordskifteretten vart det utforma eit påstandskart.



Figur nr. 3 Utsnitt av påstandskart datert 8. april 2021 utarbeida av jordskifteretten.

Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett gjennomførte hovudforhandling i saka 9. og 10. mars 2021, og sa den 8. april 2021 dom med slik slutning:

1. Saka vert fremma.
2. Eigedomsretten til det omtvista areal ligg i sameige mellom gnr. 54. bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 12, 16 og 17 i Askvoll kommune.
3. Eigedomsgrensene til det omtvista areal vert fastsett slik som blå strek på påstandskartet, og ender i nord i steingjerdet.
4. Ole Kistrup Vilnes vert dømt til å erstatte Saksøkarane 1-7 sine sakskostnader med kr 414 646. Beløpet skal betalast til advokatfirmaet Schødt AS v/advokat Egil Horstad to veker etter at denne dommen er forkynt.

Dommen vart sett til førehands påanke i medhald av jordskiftelova § 8-2 tredje ledd, og Ole Kistrup Vilnes, eigar av bnr. 5 og bnr. 9 har anka domen. Ankemotpartane Ann Kathrin Hårklau (bnr. 6+8), Vegard Kristoffer Vilnes (bnr. 10), Karin Strand (bnr. 17), Agnar Vilnes (bnr. 4), Kjartan Vilnes (bnr. 7), Magnar Vilnes (bnr. 1+16), Falk Vilnes (bnr. 1+16) og Kjellaug Vilnes (bnr. 2) (alle heretter Ann Kathrin Hårklau mfl.) har gjeve tilsvar.

Ankeforhandling vart gjennomført på Atløy den 3. mai og i Førde den 4. mai 2022. Forutan partane høyrde lagmannsretten 4 vitne og var på synfaring.

Partane sine påstandar og grunnlaget for desse

Ole Kistrup Visnes har i hovudtrekk gjort gjeldande:

Saka reiser to hovudspørsmål. Det eine er om eigedomsretten til det omtvista arealet ligg i jordsameige eller om eigedomsretten ligg til bnr. 5. Det andre er fastsetjing av grensene for det omtvista arealet.

For at det omtvista området skal liggja i jordsameige må det påvisast eit stiftingsgrunnlag. Eit slikt grunnlag kan vera så mangt, men det må påvisast eller konkretiserast. Korkje motparten eller jordskifteretten har kunna syna til eit slikt grunnlag.

I høve ankehandsaminga har ankande part henta inn omfattande dokumentasjon knytt til dei ulike eigedomane og transaksjonar knytt til desse. Eit sentralt dokument i denne samanheng er skylddeling av 17. november 1845, der alle dei eldste eigedomane på Vilnes vart skylddelt. Dette gjeld bnr. 1, 3, 4, 5, 8, 9, 10. Skylddelinga gjev ingen opplysningar om at det vart etablert ei jordsameige mellom eigedomane i Nærvika. Dette talar mot at det var etablert ei sameige før 1845. Om det var ei sameige i tvisteområdet ville det vore naturleg at dette vart medteke når alle dei opphavlege eigedomane vart skylddelt.

I framlagt kopi av panteregisteret for bnr. 5, er det vist til eit kongeskøyte for dette bruket. Dette kan tyda på at det var dei andre bruka som vart frådelt bnr. 5 i 1845. Om ein legg dette til grunn, vil det vera naturleg å sjå på tvisteområdet som bnr. 5 sitt, då dei andre bruka ikkje fekk skildra noko sameigerett her i 1845. Det er ikkje protestert på at ankemotpartane har rett til å ha naust i området og tilkomst til desse, men dette er i kraft av avgrensa bruksrettar og ikkje i kraft av medeigedomsrett til arealet og stranda.

Ankande part har også lagt fram for lagmannsretten ein omfattande dokumentasjon knytt til grunnboksblad, pantebøker og ulike heimelsdokument for dei ulike eigedomane i saka. Trass i den store mengda av dokument er det ikkje råd å finna noko i dette materialet som syner til at tvisteområdet ligg i jordsameige.

I tilfelle der det ikkje kan trekkjast klare konklusjonar om eigedomstilhøva på grunnlag av eldre utskiftingar, skylddelingar eller andre tinglyste dokument, må lagmannsretten føreta ei brei vurdering av alle tilgjengelege opplysningar, jf. LH-2011-22958. Så lenge ikkje dokumenta gjev ei klar løysing, må retten vurdera om eigarane sine handlingar kan seia noko om korleis eigedomstilhøva har vore eller har vore oppfatta.

Ved nokre sal av eigedomar i området er det teke atterhald om at seljar har rett til å nytta sjøhus eller naust. I andre sal følgjer det med heile og halve sjøhus. Slike transaksjonar kan ikkje lovleg gjennomførast dersom tvisteområdet ligg i jordsameige, og dette talar mot jordskifteretten sitt resultat. I fleire av desse sala er det også spesifisert andre tilhøyrsle til eigedomane, utan at det er nemnd noko om ei jordsameige i Nærvika.

Ankande part og hans rettsforgjengar har nytta tvisteområdet til beiteland og dei har henta ved i området, utan protestar frå dei andre partane. Dette gjev eit inntrykk av ei klar rettsoppfatning mellom partane som stemmer med ankande part sin påstand.

Ankande part har gjennom sakkunnigrapportane til Brustad dokumentert at det er gjort endringar i jordskiftekarta. Endringane i desse karta svekker bevisverdien av karta. Ved vurderinga av eventuelt samsvar mellom jordskiftekart og jordskifteprotokoll, kan det ikkje sjåast bort frå at kartgrunnlaget er endra. Partane er samde om at det ikkje vart etablert ei jordsameige ved innmarksutskiftinga i 1882-84. Det som var i fokus ved den saka var å samla teigane til partane i meir tenlege driftseiningar.

Dersom lagmannsretten kjem til at det er etablert ei jordsameige, må det vurderast konkret for kvar eigedom om den har andel i ei slik jordsameige. Det kan ikkje stillast opp ein presumpsjon for at alle frådelte bruk har fått medeigedomsrett. Ankande part er også av den oppfatning at jordskifteretten har plassert grensa feil og at denne skal gå langt nærare sjøen, jf. grøn strek på påstandskartet.

Påstanden til Ole Kistrup Visnes

1. Anken vert fremja.
2. Eigedomsretten til det omtvista arealet ligg til gnr. 54, bnr. 5 i Askvoll.
3. Grensa for arealet er som fastsett av ankande part.
4. Ole Kistrup Vilnes tvert tilkjend kostnadene med saka for jordskifteretten og lagmannsretten.

Ann Kathrin Hårklau mfl. har i hovudtrekk gjort gjeldande:

Det sentrale i saka er å avgjera kven som er eigar. Ankande part har fråfalle påstandsgrunnlaget om at det kan ha skjedd ei endring av eigedomstilhøva i nyare tid.

Spørsmåla om hevd, alders tids bruk og passivitet er såleis ikkje lenger aktuelle å ta stilling til for lagmannsretten.

Jordskifteretten sin lovbruk og vurdering av bevisa er rett. Dei nye dokumentbevisa som ankande part har framlagt i ankeomgangen, endrar ikkje den bevisvurderinga som jordskifteretten har føreteke og underbyggjer ikkje at bnr. 5 er eineeigar til det omtvista arealet. Heller ikkje det nye påstandsgrunnlaget knytt til kongeskøyte kan føra fram.

Ved innmarksjordskiftet i 1882-84 vart deler av arealet ved Notavollen som tidlegare hadde lege i fellesskap, lagt til bnr. 2 og bnr. 5. Dette framgår av jordskiftekartet, jordskifteprotokollen og skiftelistene frå saka. Dei same dokumenta viser at det omtvista området i vår sak framleis vart liggjande i sameige mellom bruka på Vilnes.

Dette let seg ikkje kombinera med ankande part sitt standpunkt, og den einaste «utveg» vert å gjera gjeldande at dokumenta er manipulerte. Korkje vitemålet til Brustad eller dei framlagde rapportane frå Brustad gjev grunnlag til å fastslå at nokon av dokumenta er blitt manipulerte. Ankemotpartane har ikkje hatt tilgang til desse originalane og ein kan heller ikkje sjå kva motivasjon andre skulle ha hatt til å manipulera desse dokumenta.

Partane i saka er samde om at stiftingsgrunnlaget er etablert før utskiftinga i 1882-84. Sjølv om eigarretten ikkje vart etablert ved utskiftinga, er det ankemotpartane sitt syn at dei eksisterande eigartilhøva vart skildra og stadfesta her. Notavollen hadde til hensikt å dekka partane sitt felles behov for tørking og reinsing av nøter og garn.

Ankande part har ikkje framlagt eit einaste dokumentbevis som underbyggjer at bnr. 5 har eller har hatt eigarskap til tvisteområdet åleine. Det at bnr. 5 vart liggjande kring Notavollen etter utskiftinga, er ikkje noko bevis for at bnr. 5 var eigar av Notavollen før utskiftinga. Dei utdraga frå ulike dokument som ankande part har vist til, gjeld andre område, til dømes utmarksutskiftinga frå 1925. Som jordskifteretten har peika på, er dei relevante dokumenta eintydige på at det omtvista området er i sameige.

Ankemotpartane har nytta tvisteområde til tørkeplass og liknande. Det er også partar som har forklart seg om felles slått av graset i området. Bnr. 5 sin avgrensa bruk av området i seinare år, tilseier ikkje at tvisteområdet har tilhøyrt bnr. 5 åleine. Når bnr. 5 frådelte bnr. 15 i 1931 vart grensa for det nye bruket skildra mot fellesområdet. Det er ikkje kome reaksjonar frå eigar av bnr. 5 i samband med utskilling av eigedom i 2009, eller i samband med at kommunen ikkje ville betale ut tilskotsmidlar for fellesområdet til bnr. 5. Dette tyder på at eigar av bnr. 5 heile tida må ha vore klar over fellesområdet sin eksistens.

Notavollen er i sameige mellom samtlege av ankemotpartane, anten fordi dei var av dei opphavlege bruka på Vilnes, eller fordi dei er eigedomar som seinare er frådelt desse. Tildeling av eigarrettar til frådelte bruk, krev ikkje samtykke frå dei andre sameigarane og

utgangspunktet er at slike rettar følgjer med i salet, jf. sameigelova § 10. Dei frådelte bruka har oppfatta seg som medeigarar, og alle andre enn eigar av bnr. 5 meiner dei er medeigarar. Sameigebrøk skal fastsetjast i den vidare saksgangen i jordskifteretten og er ikkje tema for lagmannsretten i den saka som no er til handsaming.

Jordskifteretten si grensefastsetjing er rett og det er ingen av partane som har påanka dette. Grensene for fellesområde vart endra ved utskiftinga, men det er framleis eit stort område som ligg att som ei jordsameiga mellom partane. Grensene for fellesområdet vart såleis fastsette i 1882-84, og det er ikkje kjent eller gjort gjeldande at desse er endra i ettertid.

Påstanden til Ann Kathrin Hårklau mfl.

1. Anken vert forkasta.
2. Ole Kistrup Vilnes vert dømd til å betala kostnadene med saka til Ann Kathrin Hårklau, Vegard Kristoffer Vilnes, Karin Strand, Agnar Vilnes, Kjartan Vilnes, Magnar Vilnes, Falk Vilnes og Kjellaug Vilnes, hennar dødsbu.

Karl Johan Garvik (bnr. 12) har i hovudtrekk gjort gjeldande:

Jordskifteretten si avgjerd er rett. Ein har alltid gått ut i frå at Notavollen er eit fellesområde for bruka på Vilnes. Heimelsdokumenta til bnr. 12 syner at dette bruket er frådelt bnr. 5 og at det frådelte bruket tilsvara 1/11 av hovudbruket.

Oldefaren til Karl Johan Garvik vart fødd i 1846, og han fortalde til sonen at det var to fellesområde langs sjøen. Det eine av desse var i Nærvika. Når det gjeld dei framlagde dokumenta knytt til utskiftinga frå 1882-84, verkar det som om både kartet og grenseskildringane stemmer.

Lagmannsretten sitt syn

Lagmannsretten er kome til same resultat som jordskifteretten, og kan i det alt vesentlege tiltre jordskifteretten sine vurderingar – det vert difor også vist til desse, jf. tvistelova § 19-6, femte ledd.

Eit sentralt spørsmål i saka er om det eksisterer eit stiftingsgrunnlag som avklarar eigedomstilhøva i tvisteområdet. Etter lagmannsretten sitt syn er det ingen av partane som har lagt fram eit slikt stiftingsdokument.

Ole Kistrup Vilnes presenterte under ankeforhandlingane eit nytt påstandsgrunnlag som i korte trekk gjekk ut på at hans rettsforgjengar attende på tidleg 1800-tal, hadde fått eit kongeskøyte på gnr. 54 som også omfatta det omtvista området. Lagmannsretten kan ikkje

sjå at dette kan føra fram. I panteregisteret for bnr. 5 er det rett nok vist til eit kongeskøyte, men det står vidare på same linje «svares af dette Brug aarlig …». Slik lagmannsretten les dette, refererer det seg til kongeskøyte for bnr. 5 og ikkje for heile garden. Det kan ikkje vera tvil om at brukaren av bnr. 5 (tidlegare løpenummer 133) på eit eller anna tidspunkt gjekk frå å vera brukar og leiglending til å bli sjølveigar. Dette skjedde også mest truleg via eit kongeskøyte slik det er referert til i panteregisteret. Det er likevel ingenting som tyder på at kjøparen av løpenummer 133 også kjøpte alle dei andre løpenummera under Vilnes, og såleis vart eigar av tvisteområdet. Dette ville i så fall ha kome fram i samband med denne saka. Slik lagmannsretten ser det, kjøpte brukaren på bnr. 5 dette bruket, eller dette løpenummeret, og vart såleis eigar av eit bruk som på den tid bestod av ei rekkje teigar som låg i teigblanding på innmarka jamsides med dei andre bruka sine teigar, vidare vart brukaren medeigar i dei fellesområda på Vilnes som av ulike grunnar ikkje var delt. Etter lagmannsretten sitt syn var Notavollen ein av desse fellesområda.

Ole Kistrup Vilnes har i ankeomgangen også synt til at skylddelinga som vart tinglyst 17. november 1845, er eit sentralt dokument der alle bruka på Vilnes vart skylddelt. Lagmannsretten kan ikkje sjå at eit slikt syn kan føra fram. Framlagd oversikt frå matrikkelen for 1838, syner at det då var 6 bruk med ulike løpenummer frå 131 til 136. I eit slikt tilfelle vil det vera naturleg å sei at det har vore 6 hovudbruk på Vilnes, og desse tilsvarar dagens bnr. 1 (Lnr. 131) , bnr. 4 (Lnr. 132), bnr. 5 (Lnr. 133), bnr. 8 (Lnr. 134), bnr. 9 (Lnr. 135) og bnr. 10 (Lnr. 136).

Skylddelinga over den «under alle Brug i Vilnes liggende Plads Barsnæs» halde 11. november 1845 og tinglyst den 17. november same år er ikkje ei skylddeling der hovudbruka vert til eigedomar, eller der desse får etablert skylda si. Dette er ei skylddeling der husmannsplassen Barsnes, i dag bnr. 3, vart frådelt frå alle hovudbruka. Grunnen til at alle hovudbruka deltok i denne skylddelinga, må ha vore at det nye bruket vart frådelt i eit område som låg i fellesskap mellom partane. Ved denne frådelinga vart det oppretta ein eigedom som fekk tillagt skyld, og denne skylda kom delvis frå alle dei 6 hovudbruka. Dette førte til at alle dei seks hovudbruka fekk redusert skylda si litt ved denne frådelinga. Skyld hadde hovudbruka likevel hatt i lange tider før denne frådelinga av bnr. 3.

Ut frå dette er det lagmannsretten sitt klare syn at manglande opplysningar om fellesområdet i Nærvika i skylddelinga der bnr. 3 vert frådelt, ikkje kan takast til inntekt for at det ikkje er ei jordsameige i tvisteområdet.

Om ein følgjer kronologien, er dei neste dokumentbevisa i saka knytt til innmarksutskiftinga på Vilnes som vart gjennomført i åra 1882-1884. Det vart også gjennomført ei overutskiftning i 1885, utan at dette ser ut til å påverka tvisteområdet i nemnande grad. På same vis som jordskifteretten er lagmannsretten samd i at dokumentbevisa knytt til utskiftinga i 1882-84 er det avgjerande beviset for at tvisteområdet ligg i sameige. Jordskifteretten har ei grundig og presis vurdering av

innhaldet og fylgjene av denne utskiftinga under overskrifta «Sameige eller bruksrett» og lagmannsretten seier seg samd i dette.

Jordskifteretten skriv mellom anna at eigedomsretten til området var etablert før jordskiftet i 1882-84, og at stiftingsgrunnlaget ikkje er kjend. Lagmannsretten er samd i dette, men vil føya til at det er naturleg å tru at denne sameiga er stifta ved at brukarane på Vilnes tok arealet i bruk i fellesskap og at dei ved seinare oppdeling av innmarka let dette området liggja att udelt og felles, då det høvde best med det føremålet og den funksjonen dette området hadde for brukarane på garden.

Til støtte for jordskifteretten sine vurderingar kring utskiftingskartet, protokollane og skiftelistene, kan lagmannsretten også nemna at dei delane av fellesområdet som under utskiftinga vart lagt til bnr. 2 og bnr. 5, vart verdsett og fekk eigne figurnummer i utskiftingskartet. Samstundes let ein vera å verdsetja dei delane av fellesområdet som utskiftingsretten meinte burde halda fram som sameige. Dette er både ei logisk forklaring og samsvarar med praksis i tilsvarande utskiftingar. Lagmannsretten er samd med Ole Kistrup Visnes i at det verkar noko underleg at utskiftingsretten såg behov for ein såpass stor notavoll, men dette er likevel ikkje noko avgjerande moment sett i lys av dei klåre dokumenta. Ut frå det som vart observert på synfaringa kan det vera grunn til å tru at utskiftingsretten ikkje såg på Notavollen som eit potensielt dyrkingsland, i motsetnad til den del av fellesområdet som vart lagt til bnr. 2, der verdsetjinga tyder på høg verdi og truleg godt dyrkingsland.

Ole Kistrup Vilnes har gjort gjeldande at framlagde rapportar og vitneforklaring frå dokument- og skriftgranskar Halvor Brustad tyder på at utskiftingskartet er manipulert. Lagmannsretten syner i denne samanheng til jordskifteretten si drøfting av dette under avsnittet «Jordskiftekartet frå 1883». Dette samsvarar med lagmannsretten si vurdering av spørsmålet. I etterkant av handsaminga i jordskifteretten har Brustad utarbeida ein ny rapport datert 5. november 2021, etter å ha undersøkt originalkartet (kart nr. 447) i Riksarkivet. Brustad vart også høyrt som vitne pr. telefon under ankeforhandlingane. Det er lagmannsretten si klare vurdering av både den nye rapporten og vitneforklaringa til Brustad, at ikkje noko av dette svekkjer bevisverdien av utskiftingskartet frå 1883. Slik lagmannsretten ser det, er det ikkje påvist avvik mellom informasjon i jordskifteprotokoll, skiftelister og utskiftingskart. Dette styrkjer jordskifteretten sin konklusjon om at jordskiftekartet ikkje er manipulert. Lagmannsretten går ut i frå at dei funna som Brustad har gjort, skuldast produksjonsmetoden dette kartet har gjennomgått, og ikkje bevisste endringar for å oppnå vinning for nokon part.

Lagmannsretten er samd med ankande partar i at utmarksutskiftinga frå 1924-25 har mindre interesse i denne saka då tvisteområdet ikkje var del av den saka. Vidare er lagmannsretten samd med jordskifteretten i at skylddelinga der bnr. 15 vert frådelt bnr. 5 i 1931, underbyggjer at det omtvista området er i felles eige, og at eigar av bnr. 5 var klar over dette i 1931. I skylddelingsforretninga er dette omtalt slik: «[d]enne sydlige linje grenser forresten til den for Vilnesgårdene i fellesskaps eiede «Nothaug»». Uttrykket

"Vilnesgårdene" må forståast som dei bruka under Vilnes som har eigedomsrett til det omtvista området.

Som nye dokument for lagmannsretten har Ole Kistrup Vilnes også lagt fram ei mengd kopiar av grunnboksblad, panteregister og skylddelingar og skøyte knytt til partane sine eigedomar. Lagmannsretten har vurdert dette materialet, men kan ikkje sjå at manglande opplysningar om fellesområde i Nærvika tilseier at dette ikkje er ei jordsameige. Etter lagmannsretten sitt syn er dette ei jordsameige som tydeleg vart skildra i innmarkutskiftinga. Denne er også tinglyst på alle dei eigedomane som var partar i utskiftinga. På same vis som for jordsameiga mellom partane i fjellet, følgjer andelane i sameiga i Nærvika med når bruka vert skøyta frå ein eigar til ein annan. Det er korkje vanleg eller naudsynt å lista opp slike tilhøyrsle til ein eigedom når den vert skøytt over på ny eigar. At det ved somme overskøytingar er teke atterhald om bruksrett til naust og liknande, kan heller ikkje utelukke at tvisteområdet ligg i jordsameige slik lagmannsretten ser det. Det er ikkje tvist om at dei einskilde naust- og sjøhusbygningane i tvisteområdet er eigd i eineeige. Det å gje bruksrett eller eigedomsrett til ein slik bygning er såleis fullt mogeleg utan å involvera dei andre sameigarane i jordsameiga.

Ole Kistrup Vilnes har også synt til at bruken av området tilseier at området ligg i eineeige til bnr. 5. Etter lagmannsretten sitt syn er parts- og vitneforklaringane forholdsvis eintydige. Notavollen vart nytta til å tørke garn og nøter heilt fram til 1970-talet. Både svaberget lengst nede mot sjøen og grasbakken lenger oppover vart nytta i denne samanheng. Denne bruken har vorte utøvd av fleire og det er ikkje framlagt bevis på at det har vore protestar frå eigar av bnr. 5 på denne bruken. Lagmannsretten festar også lit til Falk Vilnes si forklaring om felles hausting av graset på Notavollen. Det er lagmannsretten sitt syn at denne langvarige bruken av store deler av tvisteområdet, frå fleire av eigarane i området gjev støtte til ei rettsoppfatning om at dette var ei jordsameige.

I dei siste 20 åra har det sporadisk gått beitedyr frå bnr. 5 inne på tvisteområdet og eigar av bnr. 5 har henta ut noko skog i området. Det er lagmannsretten sitt syn at denne bruken ikkje er anna enn utslag av ein tolt bruk, der sameigarane ikkje har funne denne bruken så tyngjande at dei har protestert. Tørking av nøter og garn er ikkje lenger like aktuelt, og beitebruk på deler av dette fellesområdet er såleis ikkje i direkte konflikt med det føremålet som var opphavet til denne jordsameiga.

Lagmannsretten er på same vis som jordskifteretten kome til at tvisteområdet ligg i sameige. Ankande part har også gjort gjeldande at lagmannsretten må ta stilling til kven som er medeigarar, dersom retten kjem til at området ligg i sameige.

Under saka i jordskifteretten var det også uklart om gnr. 53 Sætre var medeigar i dette området. Jordskifteretten avklara at gnr. 53 ikkje hadde medeigedomsrett, men hadde bruksrett i området. Dette punktet er ikkje påanka og avgjerda er såleis rettskraftig.

Etter ein gjennomgang av Vilnesbruka kom jordskifteretten til at bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 12, 16 og 17 er medeigarar i sameiga. Fellesområdet i Nærvika er på utskiftingskartet markert med bokstavane a-g. Direkte overført har grunneigarane a-g matrikkelnummer som i dag er registrert som gnr. 54 bnr. 1, 2, 4, 5, 6, 8 og 9. For desse grunneigarane gir innmarksjordskiftet og kartet direkte uttrykk for at dei er medeigarar i sameiga i det omtvista området. For bnr. 3, 7, 10, 12, 16 og 17 må ein difor gå gjennom kvart av desse bruka for å ta stilling til om dei har medeigedomsrett.

Bnr. 3 vart som tidlegare nemnd frådelt alle hovudbruka i 1845. Skylddelinga er framlagt utan at det er vist til noko i innhaldet som direkte seier noko om bnr. 3 sin eventuelle medeigedomsrett i Nærvika. Det er berre Ole Kistrup Vilnes som har teke til motmæle mot at bnr. 3 har andel. Ut frå dette har bnr. 3 medeigedomsrett i kraft av andel frå bnr. 1, 2, 4, 6 og 8. Sett i lyset av dette, og at bnr. 3 vart oppretta som eit bruk der ein skulle driva med det same som dei andre bruka, er det lagmannsretten sitt syn at det mest sannsynlege er at bnr. 3 også vart medeigar i det omtvista området.

Bnr. 7 vart frådelt frå bnr. 6 i 1888. Lagmannsretten har over kome til at bnr. 6 har andel. Då eigar av bnr. 6 ikkje har protestert på at bnr. 7 fekk andel i tvisteområdet, av bnr. 6 sin andel, legg lagmannsretten denne semja til grunn.

Bnr. 10 er ein av dei opphavlege hovudbruka opplista i matrikkelen frå 1838, men er ikkje med i opplistinga a-g i utskiftingskartet. I utskiftinga vart bnr. 10 nemnd som litra H. Lagmannsretten finn det mest sannsynleg at bnr. 10 også vart rekna som ein medeigar i det som vart omtala som felles notavoll for Vilnesbruka, trass i at dette bruket ikkje er med i opplistinga a-g.

Bnr. 12 vart frådelt frå bnr. 5 i 1898. I kjøpekontrakt frå same år er det opplyst at kjøparen skal ha andel i alle «*Rettigheder og Herligheder efter den Skyld det solgte jordstykket faar saavel tillands som tilvands*.» Lagmannsretten er av den oppfatning at dette tilseier at det også følgde med medeigedomsrett i tvisteområdet, når denne eigedomen vart frådelt. Framlagd jordskiftekart frå 1925 syner også at bnr. 12 vart utlagt med ein teig når felles utmark vart utskifta. Dette støttar også opp om konklusjonen, slik lagmannsretten ser det.

Bnr. 16 vart frådelt bnr. 2 i 1938. Lagmannsretten har over kome til at bnr. 2 har andel. Då eigar av bnr. 2 ikkje har protestert på at bnr. 16 fekk andel i tvisteområdet, av bnr. 2 sin andel, legg lagmannsretten denne semja til grunn.

Bnr. 17 vart frådelt bnr. 9 i 1941. I skøyte frå 1942 går det fram at det med i salet følgjer ein halvpart i sjøhuset og naustet i Nærvika. Sjølv om dette ikkje direkte seier noko om bnr. 17 sin medeigedomsrett, er det lagmannsretten sitt syn at medeigedomsrett framstår som det klart mest sannsynlege.

Ankande part har fråfalle påstandsgrunnlaget om at det kan ha skjedd ei endring av eigedomstilhøva i nyare tid. Spørsmåla om hevd, alders tids bruk og passivitet er såleis ikkje lenger aktuelle å ta stilling til for lagmannsretten.

Når det gjeld grensefastsetjinga for det omtvista fellesområdet syner lagmannsretten til jordskifteretten si drøfting og konklusjon.

Sakskostnader

Ankemotpartane har vunne saka og har i medhald av hovudregelen tvistelova § 20-2 første ledd krav på å få dekka sine sakskostnader. Lagmannsretten kan ikkje sjå at det ligg føre tungtvegande grunnar som gjer det rimeleg å frita ankande partar heilt eller delvis for erstatningsansvaret, jf. § 20-2 tredje ledd.

Advokat Horstad har i lagmannsretten lagt fram ei kostnadsoppgåve pålydande 333 590 kroner inklusive meirverdiavgift, der utgiftene knyter seg til salær for 67,5 advokattimar a kr 3 900 eks. mva., tre timar med annan timepris og 2 328 kr i reisutgifter. Advokat Jespersen reiste motsegn til storleiken på kostnadene ved avslutning av ankeforhandlingane.

Ankemotpartane har etter tvistelova § 20-5 første ledd krava på å få dekka sine naudsynte kostnader med saka. Ved vurderinga av kostnadene skal det leggjast vekt på om det har vore rimeleg å pådra desse ut frå «betydningen av saken». Dette peikar mot at retten skal føreta ei proporsjonalitetsvurdering, jf. HR-2020-611-A avsnitt 67.

Ankemotpartane har ikkje gjort direkte greie for verdien av ankegjenstanden for deira del. Det å vera medeigar i eit om lag 10 dekar stort område ned mot sjøen, kontra det å vera bruksrettshavar i eit monaleg mindre området, vil heilt klart ha ein samla stor verdi for ankemotpartane.

Oppgåva til jordskifteretten spesifiserer til saman 105,5 timar til en gjennomsnittleg timepris på omkring 3 120 kroner utan meirverdiavgift. Jordskifteretten ga dom for kravet med tillegg av meirverdiavgift og reiseutgifter. Lagmannsretten ser ikkje grunn til å fråvika jordskifteretten si avgjerd.

Oppgåva til lagmannsretten spesifiserer til saman 70,5 timar til ein gjennomsnittleg timepris på omkring 3 760 kroner utan meirverdiavgift. Timeforbruket i lagmannsretten er såleis som forventa lågare enn timeforbruket i jordskifteretten. Advokat Horstad sitt timeforbruk er også under halvparten av timeforbruket til advokat Jespersen. Etter ei samla vurdering er lagmannsretten komen til at sakskostnadskravet frå ankemotpartane må reknast som rimeleg og sakskostnader vert tilkjent i samsvar med den.

Avgjerda er samrøystes.

DOMSSLUTNING

1. Anken vert forkasta.
2. I sakskostnader for lagmannsretten betalar Ole Kistrup Vilnes, 333 590 – trehundreogtrettitretusenfemhundreognitti – kroner til Ann Kathrin Hårklau, Vegard Kristoffer Vilnes, Karin Strand, Agnar Vilnes, Kjartan Vilnes, Magnar Vilnes, Falk Vilnes og Kjellaug Vilnes, hennar dødsbu innan 2 – to – veker frå forkynning av domen.

Vidar Bergtun Magni Elsheim Bjarte Askeland

Dokumentet er i samsvar med signert original.

Alice Hatlelid Opdahl

Rettleiing om anke i sivile saker

Isivile saker er det reglane i tvistelova kapittel 29 og 30 som gjeld for anke. Reglane for anke over dom, anke over orskurd og anke over vedtak er litt ulike. Nedanfor finn du meir informasjon og rettleiing om reglane.

Ankefrist og gebyr
Dersom retten ikkje har fastsett ein annan frist, er fristen for å anke ein månad frå den dagen avgjerda blei gjort kjent for deg. Desse periodane tel ikkje med når fristen blir berekna (rettsferie):

- frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag
- frå og med 1. juli til og med 15. august
- frå og med 24. desember til og med 3. januar

Den som ankar, må betale behandlingsgebyr. Du kan få meir informasjon om gebyret frå den domstolen som har behandla saka.

Kva må ankeerklæringa innehalde?
Iankeerklæringa må du nemne

- kva for avgjerd du ankar
- kva for domstol du ankar til
- namn og adresse på partar, partsrepresentantar og prosessfullmektigar
- kva du meiner er feil med den avgjerda som er tatt
- den faktiske og rettslege grunngivinga for at det ligg føre feil
- kva for nye fakta, bevis eller rettslege grunnar du vil leggje fram
- om anken gjeld heile avgjerda eller berre delar av den
- det kravet ankesaka gjeld, og kva for resultat du krev
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vore tvil om det
- korleis du meiner anken skal behandlast vidare

Dersomduvil anke ein dom frå tingretten til lagmannsretten
Dommar frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Du kan anke ein dom dersom du meiner det er

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i dommen
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Dersom du vil anke, må du sende ei skriftleg ankeerklæring til den tingretten som har behandla saka. Dersom du fører saka sjølv utan advokat, kan du møte opp i tingretten og anke munnleg. Retten kan og tillate at prosessfullmektigar som ikkje er advokatar, ankar munnleg.

Det er til vanleg ei munnleg forhandling i lagmannsretten som avgjer anke over dom. Ved ankebehandlinga skal lagmannsretten konsentrere seg om dei delane av avgjerda til tingretten som er omtvista, og som der er knytt tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle ein anke dersom lagmannsretten kjem til at det er klart at dommen frå tingretten ikkje vil bli endra. I tillegg kan retten nekte å behandle enkelte krav eller ankegrunnar sjølv om resten av anken blir behandla.

Retten til å anke er avgrensa i saker som gjeld formueverdi under 250 000 kroner
Dersom anken gjeld ein formueverdi under 250 000 kroner, blir det kravd samtykke frå lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandla.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legg retten vekt på

- saka sin karakter
- partane sitt behov for å få saka prøvd på ny
- om det ser ut til å vere svake sider ved avgjerda som er anka, eller ved behandlinga av saka

Dersomduvil anke ein orskurd eller eit vedtaktil lagmannsretten
Ein *orskurd* kan du som hovudregel anke på grunn av

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i orskurden
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Orskurdar som gjeld saksbehandlinga, og som er tatt på grunnlag av skjøn, kan berre ankast dersom du meiner at det er utøvd uforsvarleg eller klart urimeleg skjøn.

Eit *vedtak* kan du berre anke dersom du meiner

- at retten ikkje hadde rett til å ta ei slik avgjerd på det gjeldande lovgrunnlaget, eller
- at avgjerda openbert er uforsvarleg eller urimeleg

Dersom tingretten har avsagt dom i saka, kan tingretten sine avgjerder om saksbehandlinga ikkje ankast særskilt. Men da kan dommen ankast på grunnlag av feil i saksbehandlinga.
Orskurdar og vedtak kan du anke til den tingretten som har tatt avgjerda. Anken blir til vanleg avgjort ved orskurd etter skriftleg behandling i lagmannsretten.

DersomduvilankeavgjerdilagmannsrettentilHøgsterett
Høgsterett er ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten.

Anke til Høgsterett over *dom* krev alltid samtykke frå ankeutvalet i Høgsterett. Samtykke blir berre gitt når anken gjeld spørsmål som har betyding ut over den aktuelle saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka behandla av Høgsterett. Anke over dom blir til vanleg avgjort etter munnleg forhandling.

Ankeutvalet i Høgsterett kan nekte å ta opp anke over *orskurdar* og *vedtak* til behandling dersom anken ikkje reiser spørsmål av betyding utover den aktuelle saka, og heller ikkje andre omsyn taler for at anken bør prøvast. Anken kan også nektast fremja dersom den reiser omfattande bevisspørsmål.

Når ein anke over orskurdar og vedtak i tingretten er avgjort ved orskurd i lagmannsretten, kan avgjerda som hovudregel ikkje ankast vidare til Høgsterett.
Anke over orskurd og vedtak i lagmannsretten blir til vanleg avgjort etter skriftleg behandling i ankeutvalet i Høgsterett.

Gulating lagmannsrett
Aktørportalen

Oslo, 13.06.2022

Oppdragsansvarlig advokat: Max Henrik Jespersen
1849102v7

ANKE

TIL

NORGES HØYESTERETT

Gulating lagmannsretts saknr. 21-095348ASD-GULA/AVD2

Ankende part:	Ole Kistrup Vilnes	gnr. 54, bnr. 5, bnr. 9
Prosessfullmektig:	*Advokat Max Henrik Jespersen* *Elden Advokatfirma AS* *Boks 6684 St. Olavs plass* *0129 Oslo*	
Ankemotpart:	Falk Melchior Vilnes Magnar Vilnes Kjellaug Asborg Vilnes Agnar Kjell Vilnes Kjartan Vilnes Ann Kathrin Hårklau Vegard Kristoffer Vilnes Karin Strand	gnr. 54, bnr. 1/gnr. 54, bnr.16 gnr. 54, bnr. 1/gnr. 54, bnr. 16 gnr. 54, bnr. 2 gnr. 54, bnr. 4 gnr. 54, bnr. 7 gnr. 54, bnr. 8 gnr. 54, bnr. 10 gnr. 54, bnr. 17
Prosessfullmektig:	*Advokat Egil Horstad* *Advokatfirmaet Schjødt* *Pb. 2022 Nordnes* *5817 Bergen*	
Ankemotpart:	Geir Inge Barsnes Kristin Undset	gnr. 54, bnr. 3 gnr. 54, bnr. 3
	Selvprosederende	
Prosessfullmektig:		

Ankemotpart: Karl Johan Garvik gnr. 54, bnr. 12

Prosessfullmektig: *Selvprosederende*

1 INNLEDNING

1.1 Gulating lagmannsretts dom

Gulating lagmannsrett avsa den 13.05.2022 dom med slik slutning:

1. *Anken vert forkasta.*
2. *I sakskostnader for lagmannsretten betalar Ole Kistrup Vilnes, 333 590 – trehundreogtrettitretusenfemhundreognitti – kroner til Ann Kathrin Hårklau, Vegard Kristoffer Vilnes, Karin Strand, Agnar Vilnes, Kjartan Vilnes, Magnar Vilnes, Falk Vilnes og Kjellaug Vilnes, hennar dødsbu innan 2 – to – veker frå forkynning av domen.*

Lagmannsrettens dom ankes med dette til Norges Høyesterett.

Anken er rettidig lastet opp i Aktørportalen innenfor lovens ordinære ankefrist.

1.2 Ankegrunner

Ankenretter segmot lagmannsrettens rettsanvendelse og saksbehandling. Saken reiser prinsipielle spørsmål som har betydning utenfor den foreliggende saken. Det foreligger dessuten vesentlige feil ved lagmannsrettens dom, som gjør det særlig viktig å få saken behandlet av Høyesterett. Ankende part ber på det grunnlaget om at det gis samtykke til fremme av anken, jf. tvl. § 30-4.

2 GRUNNLAG FOR ANKEN

2.1 Sakens prinsipielle spørsmål

Tvist gjelder om hvorvidt et eiendomsareal i Nærvika på Atløy i Askvoll kommune ligger i et realsameie eller om arealet ligger i eneeie som en del av eiendommen gnr. 54, bnr. 5. Spørsmålet om det er etablert et realsameie, er et spørsmål om det er etablert en delt eiendomsrett til det omtvistede arealet. Stiftelse av eiendomsrett krever et rettslig grunnlag. Et slik grunnlag er ikke påvist i vår sak. Saken er derfor særlig godt egnet til å trekke rettslige linjer om hvilke krav til rettslige grunnlag som kreves i tilfeller der det ikke foreligger et formelt stiftelsesgrunnlag for delt eiendomsrett.
Gulating lagmannsrett har lagt til grunn at det ikke er påvist et stiftelsesgrunnlag for sameiet, men at dokumentbevis knyttes til en utskiftningen som fant sted mange år senere i årene 1882-84, er det avgjørende beviset for at det omtvistede arealet ligger i realsameie, jf. dommens side 9. Lagmannsretten har videre lagt vekt på at den mener at

utskiftingsdokumentene støttes av generelle betraktninger om det lagmannsretten tenker er den naturlige utviklingen av området og tidligere tiders bruk av området, jf. dommens side 10.
Ankende part peker på at dokumentene fra utskiftningen i 1882-84, som det er enighet om ikke er et stiftelsesgrunnlag for etablering av et realsameie, ikke oppfyller de krav som må stilles til et rettslig grunnlag for å kunne stifte eiendomsrett. Gulating lagmannsrett har derfor gjort en rettsanvendelsesfeil når den, på basis av hva som fremkommer av utskiftnings-dokumentene, har lagt til grunn at det i tidligere tider er stiftet et realsameie med delt eiendomsrett i Nærvika.
Ankende part peker videre på at det ikke er et tilstrekkelig rettslig grunnlag for å etablere delt eiendomsrett til et eiendomsareal, at domstolen vektlegger generelle betraktninger om den naturlig utviklingen i området, og domstolens oppfatning av tidligere tids bruk av området.
For øvrig bemerkes det at lagmannsretten i sine generelle betraktninger om tidligere eieres oppfatninger av rettsforholdene, helt har sett vekk fra at det ikke finnes henvisninger i eiendomsdokumentene i saken (DU 6-80, 202-209 (dvs. grunnbøker, pantebøker og tidligere rettshandler)) til at det er etablert et realsameie i Nærvika.
Ankende part mener at en korrekt rettsligvurdering av om det finnes et rettslig stiftelsesgrunnlag for etablering av realsameie, krever at retten trekker inne alle opplysninger i saken, herunder eiernes etterfølgende rettshandler- og rettslige disposisjoner.
Lagmannsrettens rettanvendelsen oppfyller ikke kravene til en forsvarlig og korrekt rettslige vurdering av rettsforholdene i denne saken.
Bevisrisikoen knyttet til om det er etablert en delt eiendomsrett, må påligge de som hevder at slik eiendomsrett er hevdet. Eiendomsrett kan ikke presumeres stiftet, der hvor det mangler et klart rettslig stiftelsesgrunnlag. Gulating lagmannsrett presumsjon om at delt eiendomsrett er stiftet, har ledet til at lagmannsretten ikke har foretatt en korrekt, helhetlig rettslig vurdering av om det er stiftet et realsameie som retten er pålagt. Lagmannsretten har på grunn av sin presumsjon, bl.a. sett bort fra opplysninger som taler mot at det ikke er stiftet et realsameie, herunder alle eiendomsdokumenter der det ikke finnes noen henvisninger til at det er stiftet et realsameie i Nærvika.
Ankende part peker også på at lagmannsretten har gjort feil i vurderingen knyttet til hvilke eiendommer som har eierandel i et evt. stiftet realsameie. Lagmannsretten har feilaktig lagt til grunn at eiendommer som først er etablert etter stiftelsens av realsameie, også har fått andeler i realsameie, selv om det ikke finnes henvisninger i transaksjonsdokumenter om at andeler i et evt. sameie er etablert. Det finnes heller ikke noen nedtegninger om at øvrige sameiere i et evt. etablert sameie har akseptert inntreden av nye eiendommer.
Gulating lagmannsrettens rettslig vurderinger i saken, om stiftelse av et realsameie i Nærvika og hvem som i dag er sameiere i dette realsameie, fremstår som en tilrettelegging av eiendomsforholdene på stedet. Dette på tross av at det mangler klare rettslige holdepunkter for stiftelse av eiendomsrett for de eiendommer som gjennom lagmannsrettens dom har fått slike rettigheter. Lagmannsrettens rettsanvendelse i saken understreker etter vårt syn behovet for rettslige avklaringer fra Høyesterett av de problemstillinger som reises i saken.

2.2 Lagmannsretten har begått en saksbehandlingsfeil

Vi mener at Gulating lagmannsrett har begått en saksbehandlingsfeil, ved at retten har sett bort fra fagkyndige rapportene fra dokument- og skriftgransker Halvor Brustad (DU 373 – 394 og 462 – 482) og vitneforklaringen fra Halvor Brustad om at det er foretatt endringer av informasjonen i jordskiftekart og at det er skåret i kartet etter at stempelavtrykket til Jordskifteverkets kartarkiv er påført. Kartet er tillagt vekt av retten i spørsmål om det er etablert et realsameie, og slik sett har det manipulerte kartet fått direkte betydning for lagmannsrettens feilaktige resultat.
At lagmannsretten har vektlagt jordskiftekartene, på tross av at disse er skåret i, og slik at man ikke kan legge til grunn at informasjonen i kartene er korrekte, gjør at ankende part har et særlig behov for at Høyesterett behandler saken. Det er nødvendig for å rydde opp i en rettstilstanden der motparten vinner eiendomsrett basert på karter- og jordskiftedokumenter som det er gjort endringer på. At det bearbeide jordskiftekartet (kart nr. 1019) benyttes som grunnlag for lagmannsrettens dom har mulig stor negativ betydning for ankende parts eiendom, også fordi jordskiftekartet omfatter langt større areal enn det omtvistede arealet i Nærvika. Ankende part har innhentet geologirapport fra Sunnfjord Geo Senter som har påvist høye mengder av verdifulle mineraler i berget på Atløy. Endring av eiendomsgrensene basert på bearbeidede karter vil derfor ha potensielt store økonomiske konsekvenser for de eiendommene som rammes.

3 PÅSTAND

Under henvisning til ovenstående nedlegges slik ærbødig

PÅSTAND:

1. Anken tillates fremmet.
2. Gulating lagmannsretts dom av 13.05.2022 i sak 21-095348ASD-GULA/AVD2 oppheves og hjemvises til ny behandling.
3. Ole Kistrup Vilnes tilkjennes sakens omkostninger.

Nærværende anke lastes opp i Aktørportalen.

Oslo, 13.06.2022
ELDEN ADVOKATFIRMA AS

Max HenrikJespersen
advokat

NORGES HØYESTERETT

Den 11. juli 2022 ble det av Høyesteretts ankeutvalg med dommerne Normann, Østensen Berglund og Høgetveit Berg i
HR-2022-1379-U, (sak nr. 22-098779SIV-HRET), sivil sak, anke over dom:

Ole Kistrup Vilnes	(advokat Max Henrik Jespersen)
mot	
Agnar Kjell Vilnes Kjartan Vilnes Magnar Vilnes Falk Melchior Vilnes Karin Strand Ann Kathrin Mjåseth Hårklau Vegard Kristoffer Vilnes Kjellaug Asborg Vilnes dødsbo	(advokat Egil Horstad)
Kristin Undset Karl Johan Garvik Geir Inge Barsnes	(selvprosederende)

truffet slik

B E S L U T N I N G :

Ole Kistrup Vilnes har anket Gulating lagmannsretts dom 13. mai 2022 i sak nr. 21-095348ASD-GULA/AVD2 mot Kjellaug Asborg Vilnes mfl., som er representert ved advokat Horstad og Kristin Undset mfl., som er selvprosederende.
Høyesteretts ankeutvalg viser til at anke til Høyesterett ikke kan fremmes uten samtykke fra ankeutvalget. Utvalget kan bare gi samtykke når anken gjelder spørsmål som har betydning utenfor den foreliggende sak, eller det av andre grunner er særlig viktig å få saken avgjort i Høyesterett, jf. tvisteloven § 30-4.
Ankeutvalget finner enstemmig at det ikkeertilstrekkelig grunn til at saken blir fremmet for Høyesterett, jf. tvisteloven § 30-4. Ankentillatesderfor ikke fremmet.
De av ankemotpartene som er representertvedadvokat Horstad har krevd 27 174 kroner inklusive merverdiavgift i sakskostnader forankeutvalget. Kravet tas til følge.

SLUTNING

Anken tillates ikke fremmet.
I sakskostnader for Høyesterett betaler Ole Kistrup Vilnes til Kjartan Vilnes, Magnar Vilnes, Falk Melchior Vilnes, Karin Strand, Ann Kathrin Mjåseth Hårklau, Vegard Kristoffer Vilnes, Agnar Kjell Vilnes og Kjellaug Asborg Vilnes dødsbo i fellesskap 27 174 – syvogtyvetusenetthundreogsyttifire – kroner innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av beslutningen.

Cecilie Østensen Berglund (sign.)	Kristin Normann (sign.)	Borgar Høgetveit Berg (sign.)

Dokumentet er i samsvar med originalen:
Marie Slyngstadli